





Norges
vassdrags- og
energidirektorat

KSK-notat nr.: 2/2012 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Bergselvi Kraft AS/ Øvre og Nedre Bergselvi kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/ Luster		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
	Auen Korbøl/Sigrun Birkeland		
Saksbehandler:	Rawcliffe	Sign.:	
Dato:	16 JAN 2012		
Vår ref.:	NVE 200702303-48		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg i saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Øvre og Nedre Bergselvi kraftverk i Luster kommune, Sogn og Fjordane

Innhold

Sammendrag	1
NVEs konklusjon	3
Søknad	4
Høring og distriktsbehandling	5
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	20
Høringsuttalelser etter NVEs befaring	27
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	40
NVEs vurdering	49
NVEs konklusjon	60

Sammendrag

Det er søkt om tillatelse etter vannressursloven til å bygge Øvre og Nedre Bergselvi kraftverk i Bergselvi i Luster kommune i Sogn og Fjordane. Det er også søkt om å overføre Farningselvi til inntaket for Øvre Bergselvi kraftverk.

Øvre Bergselvi kraftverk vil utnytte fallet mellom kote 750 og 407, en brutto fallhøyde på 343 m. Kraftverket vil få installert effekt på 4,5 MW som er beregnet å gi en midlere årlig produksjon på 12,6 GWh. Farningselvi er planlagt overført til Ringselvi via et gammelt elveløp på kote 1005, og vannet vil så renne ut i Bergselvi og videre til inntaket til Øvre Bergselvi kraftverk. Overføringen bidrar med ca. 2 GWh i årlig produksjon.

Nedre Bergselvi kraftverk er planlagt med inntak på kote 404 og kraftstasjon på kote 37, en brutto fallhøyde på 367 m. Med installert effekt på 5,5 MW vil kraftverket få en midlere årlig produksjon på 17,3 GWh.

Bergselvi renner i den dypt nedskjærte Bergsdalen med utspring i Jotunheimen og har utløp i Fortunselvi. Fortunselvi er sterkt preget av tidligere kraftutbygging. 60 % av vannføringen i Bergselvi

er overført til Norsk Hydros Skagen kraftverk gjennom et takrennesystem som går rundt den øvre delen av dalen. Hovedelva og de større sideelvene er derfor tørrlagt nedenfor kote 1020.

Bygging av Nedre Bergselvi kraftverk vil berøre en bekkekløft, Skagagjelet, vurdert som viktig (B) for biologisk mangfold. Skagagjelet er 800 m lang og opp til 100 m dyp, vanskelig tilgjengelig og er derfor ikke undersøkt med hensyn til fuktighetsavhengige rødlistede arter. Kløfta er vendt mot nord-vest (sett medstrøms), ligger på kalkrik grunn, er dyp og skyggefull særlig på nedre deler. Det er fire markerte fossefall på utbyggingsstrekningene. Rørgatetraseen for Øvre Bergselvi kraftverk vil berøre to naturtypelokaliteter av lokal verdi, en gråor-heggeskog og ei hagemark. De berørte fjellområdene har verdi for villrein, bla. der Farningselvi er planlagt overført til Ringselvi.

Sognefjellsvegen (rv 55) som er nasjonal turistveg går gjennom Bergsdalen og følger elva.

I Lusters kommunedelplan for småkraftverk er Bergselvi plassert i gul konfliktsone. Det er i denne planen tatt utgangspunkt i ett kraftverk med inntak på kote 539 og med utløp ned mot Fortunselvi. I et slikt alternativ er produksjonen beregnet til ca. 26,8 GWh/år.

Luster kommune går inn for utbyggingene. De mener at det må settes en minstevannføring også i vintersesongen av hensyn til vannlevende organismer og bekkekløften i nedre del, og at den foreslåtte minstevannføringen om sommeren for det øvre kraftverket er for lav.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er imot en utbygging av de to kraftverkene, da de er i strid med allmenne interesser knyttet til landskapsbildet spesielt øvre deler av Øvre Bergselvi kraftverk, virkninger for biologisk mangfold og påvirkning av naturtypen bekkekløft i nedre del av utbyggingsstrekningen for Nedre Bergselvi kraftverk. Farningselvi en viktig del av landskapet i øvre del av Bergsdalen og bør få renne fritt da overføringen vil ligge i et åpent og sårbart høyfjellsterreng.

Sogn og Fjordane fylkeskommune tilrår at det gis konsesjon til begge kraftverkene på visse vilkår. Av hensyn til landskap, reiseliv og biologisk mangfold bør det slippes minstevannføring fra begge inntak hele året. Fylkeskommunen ønsker at en alternativ utbygging med ett kraftverk som skissert i kommunedelplanen, blir vurdert nærmere.

Sogn og Fjordane turlag er skeptisk til prosjektene, og foreslår reduserte alternative utbygginger. Overføringen av Farningselvi til Ringselvi bør sløyfes. Følgende tre alternativ kan vurderes: Avslå søknaden for Øvre Bergselvi kraftverk, flytte inntaket til Nedre Bergselvi kraftverk til nedenfor riksvegbrua eller at det bygges kun ett kraftverk. Foreslått minstevannføring er for lav. Den må derfor økes og være helårlig. Hensynet til den nasjonale turistvegen, biologisk mangfold i bekkekløften og sumvirkninger i Luster kommune og nærhet til tre nasjonalparker bør vurderes i konsesjonsvurderingen.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane mener at prosjektene ikke bør realiseres ut fra hensynet til å bevare et vassdrag i et område som allerede er preget av tidligere kraftutbygging. Området er innfallsport til Jotunheimen og Sognefjellet og vassdraget har verdi for turisme og friluftsinnteresser. NVF påpeker spesielt at overføringen av Farningselvi til Ringselvi ikke må tillates av hensyn til landskaps- og friluftsinnteressene ved Turtagrø.

Norges jeger- og fiskeforening Sogn og Fjordane tilrår at prosjektene ikke gjennomføres. Restvannføringen i Bergselvi bør bevares for å bevare opplevelseskvalitetene i vassdraget. Elva har verdi for de som ferdes langs den nasjonale turistveien over Sognefjellet, og området er innfallsport til et viktig friluftsområde. Elva har flere fine fosser og en bekkekløft av verdi for biologisk mangfold. Sumvirkningen av flere utbygginger i sideelver til Fortunsdøla bør utredes mht. virkning for laks og sjørørret, likeledes virkningene for biologisk mangfold.

Per M. Optun er imot prosjektene. Optun mener at vassdraget har unike natur- og kulturkvaliteter som tilsier varig vern mot kraftutbygging. Vassdraget bør bevares av hensyn til miljø, natur, kultur og historie av spesiell betydning for fremtidige generasjoner både nasjonalt og internasjonalt.

Jorunn Yttri er som grunneier i området sterkt imot prosjektene pga. at vassdraget allerede er sterkt preget av tidligere kraftutbygging og at det allerede er et kraftoverskudd i regionen. Elva har stor verdi for laks og lokale ørretstammer som må bevares og er et vassdrag med kulturhistorisk verdi som bør vernes mot kraftutbygging.

Utbygginger etter omsøkt plan vil gi i underkant av 30 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon, fordelt med 12,6 GWh/år for Øvre Bergselvi kraftverk og 17,3 GWh/år for Nedre Bergselvi kraftverk. Dette er produksjoner som er vanlig for småkraftverk. Selv om dette isolert sett ikke er et vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel av ny tilgang de senere år. De to siste årene har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny energi fra småkraftverk. De aller fleste prosjektene vil ha enkelte negative konsekvenser for en eller flere allmenne interesser. NVE mener at så lenge disse interessene ikke er av svært stor verdi eller dersom de kan avbøtes i tilstrekkelig grad gjennom vilkår, så kan det gis konsesjon til tiltaket. De konsesjonsgitte tiltakene vil være et bidrag i den politiske satsingen på småkraftverk, og satsingen på fornybar energi.

Øvre Bergselvi kraftverk har etter vårt syn stor landskapsmessig verdi knyttet til nærhet til Sognefjellsveien som nasjonal turistvei, og med Farningselvi, Bøfossen og Dokkafossen som sentrale element. Etablering av tekniske inngrep som overføringsløp, inntaksdam og rørgate vil etter vårt syn ha uheldige påvirkninger selv om rørgatetraseen over tid vil gro igjen. NVE mener at slipp av minstevannføring ikke i tilstrekkelig grad vil ivareta elvas verdi som landskapselement, og selv uten overføring av Farningselvi er virkningene etter vårt syn store. Det er i tillegg lagt en viss vekt på at det i kommunen er et stort antall utbygde kraftverk, og flere søknader inne til behandling. NVE anser det derfor som viktig å kunne ivareta deler av den vassdragsnaturen som er lett tilgjengelig og som har opplevelsesverdi.

Nedre Bergselvi kraftverk har i mindre grad nærhet til Sognefjellsveien, bortsett fra ett krysningspunkt. NVE mener landskapsvirkningene knyttet til opplevelse av Optunfossen kan avbøtes i tilstrekkelig grad med slipp av minstevannføring. Skagagjelet er et mektig elvegjel og bekkekløft av B-verdi. NVE mener at med slipp av minstevannføring vil verdien av kløfta ikke forringes.

For øvrige allmenne interesser mener NVE at virkningene er akseptable med krav om slipp av minstevannføring og krav til oppfølging av anlegg i bygge- og anleggsperiode.

NVEs konklusjon

Øvre Bergselvi kraftverk

NVE mener at ulempen ved bygging av Øvre Bergselvi kraftverk er større enn fordelene. Kravet i vannressursloven § 25 er ikke oppfylt. NVE gir derfor ikke tillatelse til bygging av Øvre Bergselvi kraftverk.

Nedre Bergselvi kraftverk

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir Bergselvi Kraft AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Nedre Bergselvi kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Bergselvi Kraft AS, datert 10.5.2009:

"Bergselvi Kraft AS ønskjer å nytte vassfallet i Bergselvi i Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- overføring av Farningselvi til inntaket for Øvre Bergselvi kraftverk
- å bygge Øvre og Nedre Bergselvi kraftverk

Kraftverka blir tilknytta det eksisterande 23 kV nettet og det blir inngått avtale om bygging og drift av høgspenningsanlegget med områdekonsesjonæren Luster Energi AS."

Hoveddata for prosjektet fremgår av tabellen under:

	Øvre Bergselvi	Nedre Bergselvi	Samla
Nedbørfelt (km ²)	17,3	26,1	
Middelvassføring (m ³ /s)	0,81	1,17	
Alminneleg lågvassføring (l/s)	36	52	
Inntak på kote	750	404	
Avlaup på kote	407	37	
Brutto fallhøgde (m)	343	367	
Midlere energiekvivalent (kWh/m ³)	0,59	0,63	
Slukeevne, maks (m ³ /s)	1,61	1,85	
Slukeevne, min (m ³ /s)	0,06	0,06	
Tillaupsrør, diameter (mm)	800/900	800/900	
Installert effekt, maks. (MW)	4,5	5,5	10,0
Brukstid (t)	2849	3178	
Magasinvolum mill. m ³	0	0	0
HRV			
LRV			
Produksjon, vinter (GWh) (1/10 - 30/4)	3,27	4,82	8,09
Produksjon, sommar (GWh) (1/5 - 30/9)	9,34	12,52	21,97
Produksjon, årleg middel (GWh)	12,61	17,34	29,95
Utbyggingskostnad (mill. kr)	27,2	30,0	57,2
Utbyggingspris (kr/kWh)	2,16	1,73	1,91

Elektriske anlegg*Øvre Bergselvi kraftverk*

Generator	Yting MVA	Spenning kV
	5	<1
Transformator	Yting MVA	Omsetning kV/kV
	6	<1/23
Kraftlinjer	Lengd	Nominell spenning kV
	80	23

Nedre Bergselvi kraftverk

Generator	Yting MVA	Spenning kV
	5,5	<1
Transformator	Yting MVA	Omsetning kV/kV
	6	<1/23
Kraftlinjer	Lengd	Nominell spenning kV
	100	23

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Luster kommune har i kommunestyremøte den 29.10.2009 vedtatt følgende:

"Luster kommunestyre syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Øvre og Nedre Bergselvi kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg.

Av omsyn til vasslevande organismar og bekkekløft tilrår kommunestyret at det som avbøtande tiltak vert sett vilkår om ei minstevassføring på 0,5 gonger alminneleg lågvassføring både i Farningselvi og Øvre og Nedre Bergselvi i perioden 1. oktober – 30. april.

Av omsyn til landskapsbiletet tilrår kommunestyret at det i perioden 1. mai – 30. september vert sett vilkår om minstevassføring på to gonger alminneleg lågvassføring for Øvre Bergselvi kraftverk.

For Nedre Bergselvi kraftverk meiner kommunestyret det om sommaren er tilstrekkeleg med minstevassføring som omsøkt avdi den delen av elva er lite synleg.

Utover dette meiner kommunestyret at ålmenne interesser elles vert forsvarleg ivaretekne med dei avbøtande tiltaka som søkjaren sjølv føresler."

NVE refererer vidare fra saksfremlegget:

"Vurdering:

Bergselva er sterkt prega av tidlegare utbygging i området, der omlag 60% av vatnet rekna på årsbasis, er fjerna. Elva er nesten turr i periodar om sommaren. Dei større fossane sin påverknad på miljøet ikring lyt reknast som så godt som øydelagd. Det omsøkte tiltaket no vil fjerna store deler av restvassføringa og skapa ytterlegare vanskelege tilhøve for vasslevande insekt og dyr som lever av desse. Den samla vurderinga av konsekvensane av utbygginga for det biologiske mangfaldet er rekna til middels negativ. Her er ikkje påvist raudlisteartar av noko

slag, og med krav om ei nærare spesifisert minstevassføring bør ein på forsvarleg måte kunna tilgodesjå dei vasslevande organismane i vassdraget etter utbygging.

Omsynet til andre tilhøve enn det biologiske mangfaldet bør kanskje tilleggast enno større vekt i vurdering av konsekvensar. Her er det nærliggjande å tenkja på landskapsbiletet elles, det ein ser, og som har stor betydning for reisande. Årleg passerer omlag 300 000 personar denne strekninga på veg over Sognefjellet. Naturen ein ser frå vegen er det viktigaste for opplevinga. Synlege elvelaup og fossar forsterkar intrykket og er viktige element.

Elvestrekninga nedstraums inntaket til Nedre Bergselvi kraftverk er lite synleg. Det er stort sett berre frå riksvegbrua ein ser ei kort strekning av elva nedanfor og ovanfor brua. På elvestrekninga mellom inntaket til Øvre Bergselvi kraftverk og inntaket til Nedre Bergselvi kraftverk, derimot, er det fleire fine fossar, godt synlege frå vegen. Farningselvi som renn rett nedetter fjellsida, er også godt synleg. For å unngå stor skade på dette landskapsbiletet er det såleis viktig at ein betydeleg del av vatnet frameis får renna naturleg.

Hovudregelen i vassressurslova sin § 10 seier at "Ved uttak og bortledning av vann som endrer vannføringen i elver og bekker med årssikker vassføring, skal minst den alminnelige lavvannføring være tilbake, hvis ikke annet følger av denne paragraf".

Omsøkt konsesjon forutset omlag 1,5 gonger alminneleg lågvassføring om sommaren og ingen om vinteren for Bergselvi Øvre og Nedre, og i praksis omlag 5-persentilen om sommaren og ingen om vinteren for Farningselvi.

Av omsyn til vasslevande organismar er det knapt tilrådeleg å tilrå utbygging utan krav til minstevassføring også om vinteren. Men som kommunestyret også tilrådde for Røneid kraftverk, bør det vera aktuelt å tilrå ei minstevassføring om vinteren på 0,5 gonger alminneleg lågvassføring. Dette bør gjelda både for Farningselvi og heile Bergselvi.

Ut frå det som er sagt om landskapsbiletet er det viktigare å halda på ei betydeleg minstevassføring for Øvre Bergselvi kraftverk enn for Nedre. Rådmannen meiner difor at det om sommaren for Øvre Bergselvi kraftverk sitt vedkomande bør setjast krav om minstevassføring to gonger alminneleg lågvassføring. For Nedre Bergselvi bør det vera tilstrekkeleg med minstevassføring om sommaren som omsøkt."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttalte i brev datert 11.12.2009:

"Vurdering

(...)

Landskap, turisme og friluftsliv

Bergselvi er sterkt prega av tidlegare kraftutbygging, ved at om lag 60 % av vassføringa er overført til Norsk Hydro sitt kraftverk (Skagen kraftstasjon) i Fortun gjennom eit tunellsystem (takrenne). Gjeseingelvi, Rya, Skauta, Steindøla, elv i Skagastølsbotn og Ringselvi, er alle tørrlagde nedanfor kote 1020 (utan krav til minstevassføring). Det er restfelt med tilhøyrande restvassføring søkjar no vil nytte til kraftproduksjon. Bergselvi ligg nedskoren i Bergsdalen, men er likevel eit viktig landskapselement i dalføret. Den berørte elvestrekninga har fire større fossefall, fleire av desse er godt synlege frå bilvegen. Den mest markante er fossen nedanfor stølen Farningane (Dokkafossen). Fleire mindre sideelver føyer seg til gjennom dalen.

Farningselvi som er ei av sideelvene er tenkt overført til Ringselvi som fører ned til hovudelva like ovanfor det planlagde kraftinntaket. Farningselvi ligg eksponert til mot riksveg 5, der ho renn bratt ned mot Bergselvi over bart fjell. Ved god vassføring er Farningselvi eit sentralt landskapselement i øvre del av Bergsdalen.

Riksveg 5 over Sognefjellet er utpekt som nasjonal turistveg. I Kommunedelplan for små kraftverk i Luster står det følgjande under turisme for delområde 2.2 Fortun/Bergsdalen:

"Sognefjellsvegen er den største turistattraksjonen i Luster kommune med kring 300 000 reisande. Den viktigaste opplevinga langs denne nasjonale turistvegen er å køyre frå fjorden og opp på fjellet. Naturen ein ser frå vegen er det viktigaste for denne opplevinga. Synlege elvelaup og fossar forsterkar inntrykket og vert viktige element. Bergselvi går delvis langs vegen opp på fjellet, men det er i hovudsak ved brua ved Berget ein får eit godt inntrykk av elva. Tidlegare utbygging gjer elva mindre dominerande opplevinga av landsskapet. Tilpassing av både anleggsvegar, røyrgate og inntaksdam i terrenget vert viktig for den framtidige turistopplevinga av delområdet."

Ovanfor inntaket til Øvre Bergselvi kraftverk og vidare oppover aust for Sognefjellsvegen ligg Jotunheimen nasjonalpark som har nasjonal og internasjonal verdi for natur og friluftsliv.

Fjellområdet Hurrungane - Sognefjellet er med i Fylkesdelplan for arealbruk som viser viktige regionale og nasjonale friluftsområde i fylket, sjå Fylkesatlas:

http://www.fylkesatlas.no/advanced_default.aspx?minX=107768&minY=6835384&maxX=128030&maxY=6848037&layerId=71&mapService=0&mapCategory=Kategori&lang=nynor. I fylkesdelplanen går grensa for friluftsområdet like nedanfor Farningselvi og Skjemminggrovi. Strekninga lenger nedover dalen er mindre viktig for friluftsliv. Vi viser elles til Sogn og Fjordane Turlag si fråsegn om friluftsliv og kva påverknad ei utbygging vil få for friluftslivsinteressene.

Sognefjellsvegen er etablert som nasjonal turistveg, og er innfallsport til ein av dei mest besøkte nasjonalparkane i Noreg: Jotunheimen. Med tanke på dei allmenne interessene knytt til Sognefjellsvegen som nasjonal turistveg, og Bergsdalen som innfallsport til nasjonalt og internasjonalt viktig natur og friluftsområde, meiner Fylkesmannen det vil vere svært uheldig å ta vekk den restvassføringa som enno er i Bergselvi. Elvelaup og fossar er viktig for naturen og landskapet i Bergsdalen, og det vil vere feil å ta vekk den viktige opplevinga som restvassføringa utgjer for ålmenta generelt og nasjonal turistveg spesielt. Dersom det likevel vert ei kraftutbygging i Bergselvi, bør det sleppast ei langt større minstevassføring for å ta vare på opplevinga av elva frå riksveg 5. Søknaden gir dårleg grunnlag for å vurdere ulike storleikar av minstevassføring.

Fylkesmannen meiner at også Farningselvi er ein så viktig del av landskapet i øvre del av Bergsdalen at ho ikkje bør overførast til Ringselvi, men bør få renne fritt. Overføring av Farningselvi, kring kote 1005, ligg i tillegg i eit ope og sårbart høgfjellsterreng.

Naturmiljø, biologisk mangfald og inngrepsfrie område (INON)

Aurland Naturverkstad har utarbeidd ein rapport om biologisk mangfald for prosjektet. I rapporten er Skagagjelet, som utgjer nedre del av prosjektet Nedre Bergselvi, registrert som naturtypen bekkekjøft. Bekkekjøfta er 800 m lang og opp til 100 m djup. Kjøfta er svært utilgjengeleg og det er ikkje gjort nærare undersøkingar. Rapporten konkluderer med følgjande: "... elvevatnet er med på å halde luftfukta i kjøfta stabil. Eit slikt gjel, som og ligg på kalkrik grunn har stort potensiale for sjeldsynte artar, raudlistefunn kan ikkje utelukkast. Sjølv utan vidare undersøking bør lokaliteten verdsetjast som B, viktig for biologisk mangfald."

Noreg har ratifisert konvensjonen om biologisk mangfald og har eit mål om å stanse tap av biologisk mangfald innan 2010, jf. St.meld. nr. 26 (2006-2007) "Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand". Vi meiner tiltaket vil vere i konflikt med ei viktig bekkekløft, og dermed vere i strid med konvensjonen om biologisk mangfald og den nasjonale målsetjinga om å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010. I den nye naturmangfaldlova (trådte i kraft 01.07.2009), er det lovfesta eit forvaltningsmål for ivaretaking av naturtypar, jf. § 4.

Vi viser og til OED sine "Retningslinjer for små vannkraftverk" (2007), der det står følgjande under tema biologisk mangfald: "Norge kan sies å ha et internasjonalt ansvar for naturtypen bekkekløft". Vidare skriv OED: "tiltak som kommer i konflikt med arter som er kritisk truet eller sterkt truet, eller naturtyper Norge har et internasjonalt ansvar for, eller vil vanskeliggjøre nasjonal oppfyllelse av internasjonale avtaler kan ikke påregne konsesjon".

Frå Berge og ned er dominerande bergart fyllitt i følgje rapporten frå Aurland Naturverkstad. Dette er ein porøs bergart som kan gje opphav til eit kalkrikt jordsmonn. Denne bergarten, som gjev spesielle tilhøve for kravfulle lav- og moseartar på berg, har ei svært snever utbreiing i Sogn og Fjordane (ei smal stripe frå Vikafjellet til Sognefjellet). Saman med Luster si klimatiske plassering mellom aust og vest, dvs. meir sommarvarme enn det meste av Sogn og Fjordane, tilseier det særleg varsemd ved inngrep. Skagagjelet er ei svært velutvikla bekkekløft og Fylkesmannen er samd i konklusjonen frå Aurland Naturverkstad om at bekkekløfta har eit potensiale for spesielt artsmangfald, medrekna raudlisteartar.

Vassføringa som er føreslege i Bergselvi, vil etter vårt syn ikkje vere tilstrekkeleg for å redusere konfliktpotensialet for biologisk mangfald. Vi meiner difor at bekkekløfta må undersøkjast nærare før ei ev. utbygging finn stad, jf. krav til kunnskapsgrunnlag § 8 i naturmangfaldlova. Ved ei nærare kartlegging av bekkekløfta bør det og vurderast kva krav som bør setjast til vassføring i elva ved ei ev. utbygging. Bekkekløfta er vanskeleg å kartlegge og det må vere fokus på sikkerheit og nyttast sikringsutstyr der det er naudsynt under arbeidet. Dersom bekkekløfta er så utilgjengeleg at det ikkje lar seg gjere å undersøkje den på skikkeleg måte (med det som trengst av klatring), bør bekkekløfta ut i frå føre-var-prinsippet ikkje inngå i utbyggingsplanane, jf. naturmangfaldlova § 9.

Rørgatetraseen kjem i konflikt med to lokalitetar av lokal verdi for biologisk mangfald – ein gråor-heggeskog og ei hagemark. Desse vert negativt påverka, men ikkje fjerna. Vi føreset ved eventuell utbygging at det vert sett krav til ei minstevassføring heile året som ivaretek ein viss biologisk funksjon i vasstrengen og for vasstilknytte artar.

Det er villreininteresser knytt til fjellområda der Farningselvi er planlagd overført til Ringselvi. Dette området er registrert som viktig beiteområde for villrein. Inngrepet vil føre til ulempe for villreinen i anleggsfasen, men vil truleg ikkje skape fysiske barrierar for villreinen i driftsfasen. Det er ikkje venta at villreinen vil sky området seinare på grunn av inngrepet.

Fisk og fiske

Det er vanleg bekkeare i elva, men bestanden er liten. Den aktuelle elvestrekninga har grovt substrat og har truleg låg verdi som gyte- og oppvekstområde for fisk. Det er ei kort elvestrekning på ca 200 m, frå utløp Skagen kraftstasjon til Skagagjelet, der laks og sjøaure kan vandre opp. Stor vassføring frå Skagen kraftstasjon, ein terskel som er vanskeleg å passere og tidvis låg vassføring i Bergselvi, gjer til at det er lite laks og sjøaure som når denne elvestrekninga. Ei minstevassføring heile året vil bidra til å sikre noko av ev. gyte- og oppvekstområde. Dersom det vert sleppt ei minstevassføring heile året synast tiltaket å få små konsekvensar for fisk og fiskeinteressene.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra i driftsfasen av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skadar eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skadar/ulempar som følgjer av tiltaket.

Det bør leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til ev. kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

Landbruk

Utbygginga forventast å få positiv betyding for næringsgrunnlaget til dei gardsbruka som er delaktig i realiseringa av kraftverket.

Tilråding

Ut i frå føreliggjande planar meiner Fylkesmannen at dei to omsøkte utbyggingane i Bergselvi er i strid med allmenne interesser, og at ulempene ikkje vert vege opp av fordelane ved tiltaket. Dei største konfliktane er knytt til landskapsbilete, spesielt i øvre del, og biologisk mangfald og naturtypen bekkekløft i nedre del.

Fylkesmannen rår i frå utbygging av Øvre Bergselvi kraftverk. Med tanke på dei allmenne interessene knytt til Sognefjellsvegen som nasjonal turistveg, og Bergsdalen som innfallsport til nasjonalt og internasjonalt viktig natur og friluftsområde, meiner Fylkesmannen det vil vere svært uheldig å ta vekk den restvassføringa som enno er i Bergselvi.

Utbygging av Nedre Bergselvi kraftverk er i stor konflikt med biologisk mangfald og naturtypen bekkekløft. Fylkesmannen meiner at bekkekløfta må undersøkjast nærare før ei ev. utbygging kan finne stad, jf. krav til kunnskapsgrunnlag § 8 i naturmangfaldlova. Dersom bekkekløfta er så utilgjengeleg at det ikkje lar seg gjere å undersøkje den på skikkeleg måte (med det som trengst av klatring), bør bekkekløfta ut i frå føre-var-prinsippet ikkje inngå i utbyggingsplanane, jf. naturmangfaldlova § 9.

Dersom det mot Fylkesmannen si tilråding vert ei utbygging av Øvre Bergselvi kraftverk meiner Fylkesmannen at det må sleppast ei betydeleg større minstevassføring for å ta vare på noko av den visuelle opplevinga av elva. Fylkesmannen meiner også at Farningselvi er ein så viktig del av landskapet i øvre del av Bergsdalen at den ikkje bør overførast til Ringselvi, men bør få renne fritt.

Bekkekløfta i Skagagjelet er vanskeleg å kartleggje og det må vere fokus på sikkerheit og nyttast sikringsutstyr der det er naudsynt under arbeidet.

Ved ei ev. utbygging føreset vi at det vert sett krav til ei minstevassføring heile året som ivaretek ein viss biologisk funksjon i vassstrengen og for vassstilknytte artar. Det må leggjast vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Kantvegetasjon må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova."

Sogn og Fjordane fylkeskommune fattet følgende vedtak i fylkesutvalget 25.11.2009:

"(..)

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt på visse vilkår, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaka vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverka vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.
2. Av omsyn til landskap, reiseliv og biologisk mangfald bør det sleppast mistevassføring frå inntaka til begge dei to kraftverka heile året. Fylkeskommunen sitt forslag er slepping tilsvarende alminneleg lågvassføring om vinteren (50 l/sek frå det øvre inntaket og 75 l/sek frå det nedre) og minst femte lågaste vassføring om sommaren (126 l/sek frå det øvre inntaket og 180 l/sek frå det nedre). Fylkeskommunen ønskjer at ei alternativ utbygging basert på eitt kraftverk som skissert i kommunedelplanen, vert vurdert nærare."

Vi refererer fra saksutredningen:

"6. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til den samla energiproduksjon 30 GWh/år. Dei to kraftverka vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til bygningsmessige tiltak (inntaksdammar, rørgater, kraftverksbygningar, kabeltrase og krafteinje, opprusting av veg) og ytterlegare redusert vassføring i Bergselvi (jf. tidlegare utbygging).

Automatisk freda kulturminne

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innan for det arealet som konsesjonssøknaden omfattar.

Med bakgrunn i oversendt dokumentasjon vurderer Sogn og Fjordane fylkeskommune at delar av området har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Det må difor, ved eventuell innvilging av konsesjon, setjast krav om oppfylling av tiltakshavar si undersøkingsplikt, jfr §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne. Kulturminneregistreringa må gjennomførast på snø- og telefri mark og i god tid før tiltak i terrenget skal gjerast. Dersom automatisk freda kulturminne blir påvist, skal desse handsamast i tråd med vanleg forvaltningspraksis for slike.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

Heile røyrtraseen er planlagt i eit gamalt og svært verdifullt kulturlandskap. Her finn vi heilskaplege bygningsmiljø frå 1700 talet saman med steingardar og geiler og andre strukturar etter tidlegare bruk av arealet. I eit slikt gamalt kulturlandskap, må det ikkje gjerast skade på landskapselement som vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøftene.

Samla vurdering

Frå begge kraftverksinntaka er det foreslått slepping av vatn om sommaren (50 l/sek frå det øvre inntaket og 75 l/sek frå det nedre) , men ikkje om vinteren. Berekna produksjonstap er 0,83 GWh/år på grunn av planlagt vasslepping.

Luster kommune seier i si saksutgreiing at det av om syn til vasslevande organismar må sikrast ei viss minstevassføring heile året. I saksutgreiinga vert det vidare sagt at andre tilhøve enn det biologiske bør kanskje tilleggast enno større vekt i vurdering av konsekvensar. Det vert her vist til landskapsbildet, det ein ser, og som har stor verdi for reisande:

”Årleg passerer om lag 300 000 personar denne strekinga på veg over Sognefjellet. Naturen ein ser frå vegen er det viktigaste for opplevinga. Synlege elvelaup og fossar forsterkar inntrykket og er viktige element”.

I kommunedelplanen for små kraftverk det sagt at det kan ventast auka turisttrafikk på grunn av cruisehamn i Luster og nytt hotell på Turtagrø, og at dette vil gjere Sognefjellsvegen endå viktigare som turistoppleving.

Kommunen foreslår å auke vassleppinga frå inntaket til Øvre Bergselvi kraftverk frå 50 til 72 liter/sek om sommaren og frå inga slepping om vinteren til halv alminneleg lågvassføring, dvs. ca. 18 l/sek frå det øvre inntaket og 26 l/sek frå det nedre inntaket i Bergselvi.

Fylkesrådmannen meiner som kommunen at det må sleppast vatn frå inntaka heile året. For vinterperioden bør det sleppast vatn tilsvarende alminneleg lågvassføring. Av landskapsmessige og reiselivsmessige omsyn bør sleppinga om sommaren aukast til minst femte lågaste vassføring, dvs. 126 l/sek frå det øvre inntaket og 180 l/sek frå det nedre.

Sjølv om fylkesrådmannen samla sett vil rå til utbygging med to kraftverk ut frå at fordelane ved utbyggingane vert vurdert til å vere større enn ulempene, er det likevel grunn for å signalisere tvil først og fremst når det gjeld den øvre utbygginga. Årsaka til dette er at det allereie er gjort store inngrep ved tidlegare utbyggingar i området, at Sognefjellsvegen har status som nasjonal turistveg og at øvre deler av vassdraget er meir synlege for vegfarande enn dei nedre delene. Fylkesrådmannen ser det difor som ønskeleg å få vurdert nærare ei alternativ utbygging basert på eitt kraftverk, slik det er skissert i Luster kommune sin delplan for små kraftverk.

7. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at konsesjon vert gitt på visse vilkår, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaka vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverka vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.

Av omsyn til landskap og biologisk mangfald bør det sleppast minstevassføring frå inntaka til begge dei to kraftverka heile året. Fylkesrådmannen sitt forslag er slepping tilsvarende alminneleg lågvassføring om vinteren (50 l/sek frå det øvre inntaket og 75 l/sek frå det nedre) og minst femte lågaste vassføring om sommaren (126 l/sek frå det øvre inntaket og 180 l/sek frå det nedre). Fylkesrådmannen ber i tillegg om at ei alternativ utbygging basert på eitt kraftverk som skissert i kommunedelplanen, vert vurdert nærare.”

Sogn og Fjordane Turlag har i brev datert 30.10.2009 uttalt:

"(...)

Kort om friluftsliv i det aktuelle området:

Området frå omlag ved inntaket til Øvre Bergselvi kraftverk og vidare oppover i nedslagsfeltet for vassdraget, er regionalt, nasjonalt og internasjonalt viktig for friluftslivet, og mellom dei viktigaste friluftslivsområda vi har her i landet! NB! I Fylkesdelplanen for arealbruk går grensa for det regionalt viktige friluftsområdet lenger nede (sjå www.fylkesatlas.no), kloss nedanfor Skjemminggrovi. Strekninga lenger nedover dalen er mykje mindre viktig for tradisjonelt friluftsliv. Interessene er, etter det vi kjenner til, først og fremst lokale, og mest knytte til jakt og litt bærplukking. Utbyggingane, med unntak for den øvste delen, er derfor i relativt liten grad i konflikt med dei tradisjonelle friluftsjntressene. Men samstundes må det seiast at vegen, dalføret og landskapet omkring på strekninga frå Fortun og oppover til Turtagrø, er ein uvanleg flott "inngangsport" til dei svært verdfulle friluftsområda ovanfor utbyggingsområdet. Slik sett kan ein seie at det er ein indirekte relativt stor konflikt med friluftsjntressene. Turen med buss, bil eller sykkel fram til Turtagrøområdet og eventuelt vidare oppover, er ein viktig del av den totale opplevinga av turar i området. Og sjølv om vassføringa i elva er redusert med 60%, er den framleis, med sine flotte gjel, fossar og stryk, ein viktig del av det totale landskapsbiletet. Slik sett er utbyggingane heilt klårt konfliktfylte!

Kva er dei største konfliktane i samband med utbyggingane?:

Slik vi ser det, er konfliktane størst på to område:

1. Landskap/reiseliv/nasjonal turistveg: Vi siterer følgjande frå det som i Luster sin kommunedelplan for småkraft står om Turisme under "Delområde 2.2: Fortun/Bergsdalen":

"Sognefjellsvegen: Sognefjellsvegen er den største turistattraksjonen i Luster kommune med kring 300.000 reisande. Den viktigaste opplevinga langs denne nasjonale turistvegen er å køyre frå fjorden og opp på fjellet. Naturen ein ser frå vegen er det viktigaste for denne opplevinga. Synlege elvelaup og fossar forsterkar inntrykket og vert viktige element. Bergselvi går delvis langs vegen opp på fjellet, men det er i hovudsak ved brua ved Berget ein får eit godt inntrykk av elva. Tidlegare utbygging gjere elva mindre dominerande opplevinga av landskapet. Tilpassing av både anleggsvegar, røyrgate og inntaksdam i terrenget vert viktig for den framtidige turistopplevinga av delområdet.

Cruisetrafikk: Den venta auka trafikken som følgje av cruisehamna, forsterkar viktigheita av Sognefjellsvegen som turistveg. (Vår kommentar: Cruisehamna er no under bygging.)

Utvikling: Med ein venta auka trafikk og det nye hotellet på Turtagrø, må det takast omsyn til framtidig utvikling i dette område. Både Helgedalen og Rydalen er utfartsområde frå Turtagrø og eventuelle utbyggingar må ta omsyn til auka bruk."

Våre kommentarar: Dei to utbyggingane er heilt klårt i stor konflikt med desse interessene. For Øvre Bergselvi kraftverk vil 3 fossar i Bergselvi og dei fine fossane/stryka i Farningselvi få sterkt redusert vassføring. Det blir klårt negativt. Uansett utbygging eller ikkje, bør ein vurdere å sløyfe overføringa frå Farningselvi til Ringselvi. For Nedre Bergselvi kraftverk får ein foss sterkt redusert vassføring, og den

viktige utsikten frå riksvegbrua vert sterkt forringa bortsett frå i flaumperiodar. Sjølv i dag, etter at 60% av vatnet er borte, er denne utsikten ganske imponerende når vassføringa er bra! Det bør vurderast å flytte inntaket til Nedre Bergselvi kraftverk til eit stykke nedanfor riksvegbrua, til dømes til ein høveleg stad like nedanfor der det er planlagt at røyrkata skal krysse elva. Det vil gje lågare fallhøgde, men vil redusere konflikten med landskapet og den nasjonale turistvegen.

2. *Biologisk mangfald: Slik vi bedømmer Naturkartleggingsrapporten, er det absolutt største konfliktpotensialet knytt til den store bekkekløfta i den nedre delen av influensområdet for Nedre Bergselvi kraftverk. Kombinasjonen av kalkrik berggrunn og ei djup og svært skuggefull bekkekløft er sjeldan, og tilseier at det er stort potensiale for raudlisteartar. Det er også planar om nye utbyggingar i Fortundalselvi, der særleg Øyane kraftverk (nær ved Bergselvi) kan få negative verknader for eit område i elva som kanskje/truleg har liknande potensiale for raudlisteartar som Bergselvi. Vi oppmodar NVE om å sjå desse lokalitetane i samanheng!*

Både for Nedre Bergselvi kraftverk og Øyane kraftverk er det heilt klårt stor trong for tilleggsundersøkingar for å få fastslått kor viktige dei aktuelle lokalitetane er. Men begge lokalitetane er vanskeleg tilgjengelege, kanskje så vanskelege at det er farleg å undersøke dei. Dette veit vi altfor lite til å kunne seie noko sikkert om, og vi ønskjer ikkje å be om tilleggsundersøkingar som set folk i fare! Vi ber derfor NVE og andre høyringsinstansar med kompetanse på raudlisteartar om å vurdere både trongen for tilleggsundersøkingar og den eventuelle faren ved å gjennomføre slike undersøkingar. Frå vår side har vi ikkje nok kunnskap på nokon av områda til å kunne kome med ei konkret tilråding. Men viss det ikkje vert gjennomført tilleggsundersøkingar tilseier vel "føre-var-prinsippet" at då må det i det minste sleppast store minstevassføringar heile året for i alle fall til ei viss grad å oppretthalde sjansen for at eventuelle raudlisteartar kan overleve!

Vurdering av eit heilt anna utbyggingsalternativ:

I Luster kommune sin småkraftplan er det lagt til grunn at den aktuelle delen av Bergselvi berre skal byggast ut med eitt kraftverk med inntak på kote 539. Kartet viser at det er lett tilgang til denne inntaksstaden, og bedømt ut frå kartet, vil heller ikkje røyrkatetraseen by på spesielle ekstra utfordringar utover dei ein har i dei konsesjonssøkte prosjekta. Det er all grunn til å tru at ei eventuell slik utbygging, som vil verte ei slags Nedre Bergselvi kraftverk med større fallhøgde, vil vere lønsam!

Ei slik utbyggingsløyising vil heilt klårt ha fleire fordelar samanlikna med dei to utbyggingane som er konsesjonssøkte. Ein sparar dei to øvste av dei 4 fossane i elva, Farningselvi vert ikkje påverka, og alle inngrepa i den høgstliggande delen av elva, den som er nærast Turtagrø, vert fjerna. Etter vårt syn gir dette i sum så store miljøfordelar at vi ber NVE krevje at ei slik utbyggingsløyising vert utgreidd i tillegg til dei som er konsesjonssøkte. Ettersom ei slik utbyggingsløyising har ei så stor grad av samanfall med Nedre Bergselvi kraftverk, vil det neppe vere nokon stor jobb for utbyggerane å greie ut dette alternativet.

Kommentarar til dei konsesjonssøkte utbyggingsplanane:

For Øvre Bergselvi kraftverk er slukevna mellom 7,4 og 199% av middelvassføringa. For Nedre Bergselvi kraftverk er dei tilsvarende tala 5,1 og 158%. For ingen av utbyggingane skal det sleppast minstevassføring om vinteren, og minstevassføringane som sommaren er låge! Vårt syn

er at det bør sleppast høge minstevassføringar både sommar og vinter, spesielt høge om sommaren.

Reguleringar og overføringar: Den planlagde overføringa vil skje i ope høgfjellsterreng, og vi er kritiske! Men ettersom vi ikkje har vore på synfaring, og heller ikkje veit noko sikkert om kor store inngrepa vil bli, er vi sterkt i tvil om kor kritiske vi skal vere. I tillegg til storleiken på inngrepet, må fordelene med meir vatn i Ringselvi vurderast opp mot ulempa med mindre vassføring i Farningselvi. Vi trur ikkje vi er i stand til å ta god nok stilling til dette før under NVE si sluttsynfaring, viss vi har/får høve til å vere med på den. Uansett ber vi NVE vurdere spørsmålet kritisk, men nøytralt!

Inntak: Ettersom vi ikkje har vore på synfaring, har vi ikkje godt nok grunnlag for å meine noko sikkert om plasseringa av det øvre inntaket. Kor godt synleg blir det frå riksvegen? For det nedre inntaket, ber vi som alt nemnt, NVE vurdere ei alternativ plassering nedanfor riksvegbrua, til dømes i området like nedanfor der det er planlagt at røyrkata skal krysse elva. Dette for å ivareta omsynet til landskapet sett frå brua.

Vassveg: Vi har ikkje spesielle synspunkt på traseane for vassvegane. I så fall måtte vi gjennomført ei grundig synfaring. Rask og god revegetering er viktig.

Kraftstasjon: Vi har ikkje spesielle synspunkt på plasseringa av kraftstasjonane.

Kraftlinjer: Vi ber om at nedgraving av kraftlina vert vurdert også for det øvre kraftverket.

Kommentarar til Verknader for miljø, naturressursar og samfunn:

Dei viktigaste kommentarane i tilknytning til dette står på side 1, 2 og øvst på side 3 i fråsegna.

Avbøtande tiltak:

For dei fysiske inngrepa har vi ingen vesentlege merknader til det som det er gjort framlegg om.

Minstevassføring: Her meiner vi at dei minstevassføringane det er gjort framlegg om, er altfor låge i dette viktige landskapet langs ein av landets finaste nasjonale turistvegar. Av omsyn til biologisk mangfald, må det sleppast minstevassføring heile året, og om vinteren må denne minimum tilsvare Alminneleg lågvassføring. Om sommaren meiner vi at det både av omsyn til landskap/reiseliv/nasjonal turistveg og av omsyn til biologisk mangfald bør sleppast ei ekstra stor minstevassføring. Denne bør vere klårt høgre enn 5-persentil sommar, og vårt framlegg er 200 l/s for Øvre Bergselvi og 250 l/s for Nedre Bergselvi kraftverk. For Farningselvi bør ein enten vurdere å sløyfe heile overføringa, eller å auke minstevassføringa om sommaren. For Øvre Bergselvi, der det er omsynet til landskapet som er det viktigaste, kan ein vente til 1.06 med å iverksette sommarminstevassføringa. For Nedre Bergselvi er omsynet til biologisk mangfald også viktig, så der må datoen vere en vanlege 01.05.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Dette er utbyggingar der vi må erkjenne at vi er i stor tvil om kva vi skal meine. Bedømt utelukkande ut frå friluftsinteressene, har vi ikkje sterke nok grunnar til å gå mot utbyggingane – med eit mogeleg unntak for overføringa av (del av) Farningselvi til Ringselvi. Men når ein tenkjer på kor viktig Sognefjellsvegen er som nasjonal turistveg, så er det all grunn til å sjå på begge utbyggingane, og særleg Øvre Bergselvi kraftverk, med svært kritiske auge. Det er også noko med sumverknader. Og Bergselvi er både nok utbygd, og hardt nok utbygd, som den er, og bør ikkje byggast ut meir!

Viss ein skal redusere det totale omfanget av utbyggingane i Bergselvi, ser vi 3 ulike alternativ:

- 1. Avslå konsesjonssøknaden for Øvre Bergselvi kraftverk.*
- 2. Flytte inntaket til Nedre Bergselvi kraftverk til eit stykke nedanfor riksvegbrua.*
- 3. Avslå konsesjonssøknaden for Øvre Bergselvi kraftverk og flytte inntaket for Nedre Bergselvi kraftverk opp til om lag kote 539.*

Uansett alternativ må minstevassføringane aukast kraftig og vere heilårlege. Vidare må det sterkt vurderast å sløyfe overføringa av Farningselvi til Ringselvi.

Sentrale punkt for NVE å vurdere vert både omsynet til den nasjonale turistvegen og omsynet til biologisk mangfald i den nedre store bekkekløfta. Og så dette med sumverknadane av alle utbyggingane i Luster kommune og i nærområda til 3 nasjonalparker. Det blir vanskelege avvegingar!"

Per M. Optun, Optuns plan- og naturrådgivning har uttalt følgende i brev datert 15.9.2009 som er en utdyping av en tidligere uttalelse, datert 11.9.2008, som ble innsendt før NVE hadde mottatt søknad om disse to prosjektene:

"Vassdraget har vassdragsnummer 075B2 i vassdragsregisteret. I konsesjonssøknaden er vassdraget kalt Bergselvi med Bergselvi Øvre og nedre kraftverk. Det gamle og lokale navnet blant oss som har lokal tilknytning, men er utflyttet, er Bergsfasta. Sammenlign med for eksempel Grandfasta.

Bakgrunnen for å tilskrive NVE er at jeg vet at mange spesielle forhold ved dette vassdraget ikke er kommet frem. Det gjelder opplysninger om unike kulturminner, vegetasjon, biologisk mangfold, naturformasjoner og mye mer:

- Allmenne interesser: friluftsliv, fiske, rekreasjon, undervisning, sosialisering til norsk natur - og turisme.*
- Nasjonalromantikkens "navle".*
- Nasjonal turistveg!*
- Natur, topografi og naturformasjoner.*
- Mange kulturminner og et rikt kulturlandskap.*
- Oldfunn, gravhauger og mye mer!*
- Stort biologisk mangfold!*
- Ringvirkninger for hovedvassdraget — Fortunselva.*

Som tidligere vassdragsforvalter og sjef for naturforvaltningen hos Fylkesmannen i Aust-Agder, mener jeg å kjenne saksfeltet rimelig godt, og finner god grunn til å stille spørsmålsteget ved denne reguleringen. Etter min mening har den ikke seriositet og helhetstenkning mangler i dette forsøket på materiell utnyttelse.

For at de omfattende miljøskadene fra 1960-tallet ikke skal gjentas må det foretas nye og grundigere utredninger som viser de virkelige samfunnsmessige og allmenne verdiene i dette vassdraget. Foruten dette må vassdraget komme med i neste omgang om verneplan for varig vern. Ingen av vassdragene i siste verneplan overgår de allmenne verdiene i dette vassdraget.

Det er en tragedie av nasjonal størrelse at rene økonomiske interesser uhemmet skal kunne gå løs med maskiner og sprengstoff som vil ødelegge disse unike natur- og kulturkvalitetene som området representerer.

(..)

Tidligere reguleringer::

Det er velkjent at tidligere regleringer i disse vassdragene har påvirket natur og kultur i stor utstrekning. Det gjelder Fortun — Grandfasta utbyggingene som skjedde på 1960 tallet. Hensynet til natur- og kulturvern var den gangen mindre i fokus enn nå, og store verdier ble ødelagt. Dette skjedde også i tilførselene til Bergsfasta. For eksempel ble noen av Norges største fangsinnretninger for villrein, ved inngangen til Ringsdalen, jevnet med jorden av bulldosere. Et annet eksempel er gravhauger i høyfjellet, som ofte er en markering av "revir". Slike verdier ble i samme vassdraget ødelagt ved veibygging så sent som i 1990-årene.

Et annet eksempel er Hydro sin nye vei fra Dølemyrane over Rya til Jessingaleinene. En vei som er fullstendig meningsløs ut fra behov og i forhold til den skade som er påført, jfr.

Kulturminner.

Siden Bergsfasta er sterkt omfattet av tidligere regulering, spesielt i tilførselselvene, er det nå altså de nedre delene av vassdraget som er aktuelle for utbygging av to småkraftverk. Det er vannet fra mindre elver og bekker nedenfor inntakene fra de tidligere reguleringene. Til nå har disse fungert som en "minstevannsføring", slik at ulempene fra tidligere reguleringer ikke har skadet samfunnsmessige interesser i den grad som de nå vil kunne gjøre.

Som jeg forstår situasjonen så er det nå fremkommet ønske om å ha inntaket til Øvre Bergselvi småkraftverk lengre oppe i dalføret, nedenfor Turtagrø hotell, der elvene Rya og Heljedøla går sammen med Ringsdøla og danner Bergsfasta.

Naturen og topografien:

Bergsdalen er en hengende dal i forhold til hoveddalen Fortunsdalen. Men selv om Bergsdalen har en høydeforskjell på ca. 250 meter fra Fortun til Berge, så er elva likevel nederodert i et dypt gjel, som på det dypeste er over 200 meter. Dette er unik natur!

På strekningen fra Skagen i Fortun til Turtagrø er det i alt 14 større eller mindre fosser. Bøfossen ved Optun er for eksempel kjent for sitt Ibsen-profil. Dette er følgelig også en unik natur.

Foruten fossene er det i området noen av de større forekomster av jettegryter i Norge, noen i selve elveløpet og av forskjellig størrelse. Noen steder er det større holer som er dannet som jettegryter. Jettegryter kan være dannet av vann som rant under breen. Ofte finner vi jettegryter i nær tilknytning (referanse: Just Gjessing: Norges landformer, U-forlaget, Oslo 1978). I disse er det et rikt ørretfiske.

Alt dette er en viktig dokumentasjon av norsk natur, både for nåtid og ettertid. Men ikke minst er det en fantastisk natur, spesielt med tanke på at Riksveg 55 er utnevnt til nasjonal turistveg.

Kulturminnene:

Verdifulle bygninger:

Det finnes ennå bygninger som har stor antikvarisk verdi. Men tilstanden er alvorlig, og det ser ut som at intet blir gjort for å ivareta disse. Fortidsforeningen bergensavdelings fortok 17.-19.

Oktober 1975 en styretur til Luster hvor de beskriver flere bygg som har stor antikvarisk verdi. De nevner spesielt kvernhusene ved Bergsfasta. Dette gjelder både på gårdene Optun og Berge. Mellom annet overnattet prins, senere Kong Oscar på Optun, soverommet hans er fremdeles i originaldekorasjon. Grunnen til å nevne dette er for gi et inntrykk av hvor viktig denne fjelldalen var. (Referanser: Finn Geiran og Per Krogh: Byggeskikk under Hurrungene, NTH 1963 og Gisle Midttun: Norske bygder IV, Sogn. Griegs forlag, Bergen 1937.

Kulturminner/kulturlandskap:

- *gjenværende er synlige rester etter minst to utleggsbroer, Bergsbrui og Øygardbrui.*
- *tre kvernhus, ett falt sammen, ett som er i ferd med å falle sammen og ett er intakt. Alle disse har lange og meget spesielle tilførselsgrøfter (oller) fra elva. Det gjelder gårdene på Berge, Kvednoladn, Kve'i og Optun.*
- *en til to ødegårder, i nær avstand til elva, Kvednoladn, Øygarden og muligens Skjemmingadn. Den siste er på kartet feilaktig kalt for Hongi, men Hongi ligger lengre oppe i dalen.*
- *flere nedlagte små bruk/boplasser tett ved elva ved Kvednoladn - utvandret senere til Amerika.*
- *badeplass for bygda, ble delvis ødelagt da en demning ved et elveinntak i Ringselvi brast etter en dårlig utført planlegging ved den tidligere vasskraftreguleringen.*

Oldfunn:

Det er også gjort oldfunn/gravfunn på gården Søvde (lokal uttale Saue), der deler av materialet den gang ble sendt til Bergen Museum. Personlig kommunikasjon med Peder E. Søvde, nå avdød. (Per Fett: Førhistoriske minne i Sogn. Luster Prestgjeld 1954)

Jeg kan påvise en gravhaug bygd av stein, som har fått være i fred til nå. Den ligger i umiddelbar nærhet av Riksveg 55. Det er veldig få som kjenner til den.

Undertegnede har personlig funnet en pilspiss fra yngre jernalder i en annen del av vassdraget. Denne er også registrert og befinner seg på Historisk museum i Bergen. (Universitetet i Bergen, Arbok 1954. Per Fett: Oldsamlingens tilvekst 1954).

Dette er følgelig et unikt kulturlandskap og ditto kulturminner. Det er ikke foretatt utgravninger, men hva med arkeologiske registreringer? Personlig mener jeg det er muligheter for 2 til 3 historiske boplasser.

Biologisk mangfold:

I dette vassdragsmiljøet er det en utrolig rik vegetasjon, både når det angår bonitet, vekstmessige forhold og biologisk mangfold. Elva er en helt nødvendig forutsetning for denne rikdommen. Her kan jeg kort nevne:

- *Bakkesøte*
- *Bergfrue*
- *Gullkløver (funnet i Nausane)*
- *Krusmynte og bakkemynte*
- *Kvannskog i Dokki (se min referanse)*

- *Mjødurt*
- *Nattfiol (funnet i Kvedoladn — gården nær Bergsbrua)*
- *Olavsskjegg (liten, men sjelden bregne)*
- *Oregano (indikerer rike geologiske forhold)*
- *Orkidearter (brudespore, flekkmarihand og vårmarihand m fl.)*
- *Perikum-arter (indikatorer for lite forurensning — ingen bladnekrose i denne dalen)*
- *Rosenrot*
- *Storklokke (både den hvite og blå varianten)*
- *Søtvierfamilien (blant annet den rusende slyngsøtvier)*
- *Tettegrass (ble brukt til melkesyrning i Fortunsbygda)*
- *Tindved (brukt til rivetinder)*
- *Trollhegg*
- *Turt*
- *Vendelrot*
- *Veronika (mange arter)*
- *Villøk*

Det finnes et rikt biologisk mangfold, og jeg er redd for at overbeita parseller, med stort innslag av nitrofile planter er for sterkt fokusert på av de som har foretatt kartleggingen. Fraværet av fosseprøytoner vil føre til helt endra livsbetingelser for mange av disse artene, og de vil derved forsvinne. Det betyr et sterkt endret biologisk mangfold.

I tillegg til flora og andre vekster er det et rikt dyreliv i dalen, noe som er helt avhengig av det nevnte mangfoldet, med et vassdrag som er den viktigste drivkraften.

Friluftsliv, fiske, rekreasjon og turisme:

Verdiene i dette vassdraget er det foruten innlandsfiske etter ørret, en unik art som har overlevd som relikt. Det er en stingsild, lokalt kalt trollfisk, som jeg gjerne viser frem, i forbindelse med denne gode sak. Samfunnsmessig er dette området en perle som brukes i veldig stor utstrekning. For turismen og sosialisering til natur betyr det et vesentlig innslag med denne trolige naturopplevelsen.

Turisme er en relativt stor næring i Norge. Her må det poengteres den store satsingen i denne bygda. Jeg nevner spesielt Turtagrø Hotel og klatremiljøet med store satsinger på festivaler og lokale aktiviteter. Men i bygda skjer det også en stor fokus på restaurering av lokal kultur, for eksempel Fuglesteg og Ormeli. Flere prosjekter av denne typen er aktuelle.

Henrik Wergeland reiste den gamle vegen opp dalen, inspirasjonen til blant annet diktet Spanjolen fikk han i denne naturen.

(...)

Dette er nettopp Bergsdalen og Bergsfasta. Inngangen til Vest-Jotunheimens tinder; Hurrungane.

Luster kan ikke få både i "pose og sekk". Skal de satse på turisme eller vannkraft. Begge deler lar seg ikke kombinere med nye inngrep med de inngrepene som allerede er gjort i Vest-Jotunheimen.

(...)

Kunstnerne, romantikken og fjellvandrerne:

I dette vassdraget befinner en seg midt i romantikkens rike. Her vandret de første fjellturistene, dikterne og bildende kunstnere. Det finnes utallige beretninger fra disse.

Som eksempler nevner jeg fjellpionerer som Howard Priestman (bilde av utleggsbroen ved Berge fra 1885) og William Cecil Slingsby, diktere som Holberg, Wergeland og Ibsen, Bildende kunstnere som Gude, Flintoe.

Dalen hvor Bergsfasta renner er også navngitt motiv for mange diktere, for eksempel unitarpresten Kristofer Janson: Fraa Dansketidi, der bonden førte en hær i døden i Simongjelet i Bergsfasta.

W. C. Slingsby skriver i boken Norway - The Northern Playground om den gamle bonden på Optun som imponerte han stort da de "klatret" ned gjennom Skagagjelet til Fortunsdalen, en dagligdags vandring for fiellfolket.

Ikke minst vil jeg nevne Ibsens Brand som utvilsom kan ha sterke inspirasjoner herfra, da Per Gynt også har motiv fra samme fiellområde. Jeg kunne fortsette med dette, men mener at dette er en god argumentasjon for at denne norske naturen, har vært kilde til den nasjonale norske kulturen.

Jeg slutter her, listen er uendelig lang. Skal dette bli moratoriet på et av Norges mest maleriske kulturlandskap.

Ringvirkninger:

Fortunselva er en av de få gjenværende naturlig lakseførende vassdrag i regionen. Det er ikke foretatt noen undersøkelse av hva negative virkninger dette har for dette vassdraget. På samme måte kan en tenke seg andre ringvirkninger mot det biologiske mangfoldet. Siste Sjanse har foretatt kartlegging av Drægni- og Yttrismorka, der det er funnet mange og sjeldne arter.

Andre forhold:

Statens Vegvesen har ved hjelp av dynamitt og maskiner utvidet veien fra Berge til høyfjellet på riksveg 55. Elvefarete er noen steder i dalen er fylt opp av steinmasser, terrenget mot elva fullt av sprengt stein. Veien skal, etter ryktene, være landets billigste pr. bygd løpemeter. Jeg mener at dette var et forhold som i sin tid ikke ble omsøkt til vassdragsmyndighetene. Dette er følgelig et argument som gjør at de store verdier dette vassdraget representerer, ikke bør utsettes for ytterligere inngrep.

(...)"

Jorunn K. Yttri har i brev datert 29.10.2010 stilt spørsmål om tiltakshaverne innehar alle nødvendige grunn- og fallrettigheter samt spørsmål rettet til NVE knyttet til disse forhold. Uttalelsen vurderes å være av privatrettslig karakter og refereres ikke her. NVE har besvart henvendelsen i brev til Yttri datert 30.11.2010.

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker ble i brev fra NVE datert 31.12.2009 bedt om å kommentere de innkomne høringsuttalelsene. NVE ba spesielt om å utrede et utbyggingsalternativ som innebærer ett kraftverk og å gjøre rede for betydningen overføringen av Farningselvi til Ringselvi har for prosjektet. Søker ble også bedt om å vurdere hva en utbygging ved flytting av inntaket for Nedre Bergselvi til nedenfor riksvegbrua betyr for utbyggingsplanene.

Søker har i e-post datert 12.2.2010 beskrevet en alternativ utbygging med kun ett kraftverk, Midtre Bergselvi. Dette er et noe mindre alternativ enn hva kommunen har omtalt i sin kommuneplan i og med at dette alternativet er planlagt med kraftstasjon ovenfor Skagagelet.

Vi gjengir hoveddata for kraftverket:

	Midtre Bergselvi
Nedbørfelt (km ²)	21,0
Middelvassføring (m ³ /s)	0,97
Alminneleg lågvassføring (l/s)	45
Inntak på kote	560
Avlaup på kote	200
Brutto fallhøgd (m)	360
Midlere energiekvivalent (kWh/m ³)	0,62
Slukeevne, maks (m ³ /s)	1,9
Slukeevne, min (m ³ /s)	0,07
Tillaupsrøyr, diameter (mm)	900
Installert effekt, maks. (MW)	5
Brukstid (t)	2870
Magasinvolym mill. m ³	0
HRV	
LRV	
Produksjon, vinter (GWh) (1/10 - 30/4)	4,04
Produksjon, sommer (GWh) (1/5 - 30/9)	11,75
Produksjon, årleg middel (GWh)	15,79
Utbyggingskostnad (mill. kr)	25
Utbyggingspris (kr/kWh)	1,58

Elektriske anlegg

Midtre Bergselvi kraftverk

Generator	Yting MVA	Spennings kV
	5,5	<1
Transformator	Yting MVA	Omsetning kV/kV
	6	<1/23
Kraftlinjer	Lengd	Nominell spenning kV
	100	23

”

I e-post av 15.2.2010 har søker sendt inn tilleggsopplysninger om Farningselvi og vurdert alternativ utbygging ved flytting av inntaket til Nedre Bergselvi kraftverk:

"Overføring Farningselvi

Normaltilsaget til inntaket i Farningselvi er 0,14 m³/s og dette utgjør 16,7 % (2,10 GWh) av produksjonen for Øvre Bergselvi kraftverk. Byggekostnaden for overføringa er 0,1 mill.kr.

Dersom det ikkje blir gitt konsesjon for overføringa vert produksjonen for Øvre Bergselvi kraftverk redusert til 10,51 GWh. Byggekostnaden (prisnivå 2006) vert redusert til 27,1 mill.kr (2,58 kr/kWh). Med dagens prisnivå blir byggekostnaden 43 mill.kr (4,09 kr/kWh).

Konklusjon: Dersom det ikkje blir gitt konsesjon for overføring av Farningselvi blir det ikkje lønsamt å bygge Øvre Bergselvi kraftverk.

Flytting av inntaket til Nedre Bergselvi kraftverk til nedanfor riksvegbrua

Flytting av inntaket til kote 235 vil medføre at brutto fallhøgde blir redusert frå 367 m til 198 m.

Produksjonen vert redusert til 10,08 GWh.

Byggekostnaden (prisnivå 2006) vert redusert til 25,6 mill.kr (2,54 kr/kWh). Med dagens prisnivå blir byggekostnaden 40,6 mill.kr (4,02 kr/kWh).

Konklusjon: Dersom inntaket blir flytta til nedanfor riksvegbrua kote 235, blir det ikkje lønsamt å bygge Nedre Bergselvi kraftverk."

Søker har vidare i brev av 10.3.2010 kommentert de innkomne høringsuttaalelsene slik:

"1. Fråsegn frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Overføring av Farningselvi:

"Fylkesmannen meiner også at Farningselvi er ein så viktig del av landskapet i øvre del av Bergsdalen at den ikkje bør overførast til Ringselvi, men bør få renne fritt."

Søklar sin kommentar:

Ei overføring av Farningselvi slik det er omsøkt vil ikkje tørrleggje elva slik den renn i dag. Det er lagt inn ei minstevassføring som sikrar vatn i sommarmånadane då argumentet om tap av landsskapsbilete er mest aktuelt. Ei overføring til Ringselvi på kote 1005 vil heller ikkje klare å fange opp alt vatnet frå Farningselvi, då denne har fleire tilsig som kjem saman rett før det stuper utfor og blir til den Farningselvi ein ser frå riksveg 55. Den totale mengda vatn vert difor meir enn minstevassføring og elvestrekninga vil såleis aldri bli tørrlagd. Opplevinga av vatn som fossar nedover glatt berg vert då ivareteken i høve det vi meiner er akseptabelt.

Det er viktig for søklar å påpeike at ei overføring av Farningselvi også har positive verknader utover dei reint prosjektøkonomiske for Øvre Bergselvi kraftverk.

- Som Fylkesmannen påpeiker vert alt vatn frå elvane i området rundt Turtagrø overført til Hydro sitt takrennesystem på kote 1020 utan krav om minstevassføring. For dei bøndene som har storfe på sommarbeite på Ringane er der til tider så lite vatn i Ringselvi at storfe har problem med å finne drikkevatt. Dette problemet løyser ein ved ei overføring.*
- Det er i dag ca 10 hytter på stølsområdet Ringane og 7-8 hytter på Knausen nede ved riksveg 55. Nokre av desse bruker Ringselvi som vasskjelde og har til tider same*

utfordring som storfeet med å finne vatn i dei tørraste periodane. Som landskapselement vil også ei overføring av vatn til Ringselvi vera positivt då denne vert ei meir levande elv. I Storhaug, på austsida av Ringselvi, er det regulert og godkjent 50 hyttetomter. Desse kjem også i nær tilknytning til Ringselvi og vil oppleve dei same positive verknadane ved meir vatn i Ringselvi. Både som landskapsbilete og ved bruk av elva til bading osv.

Ureining, vasskvalitet og støy:

"Det bør leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til ev. kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v."

Søkjar sin kommentar:

Vi vil leggja vekt på støydempende tiltak ihht T-1442 ifm kraftstasjonane. Dette er ekstra viktig ved Nedre Bergselvi kraftstasjon då denne ligg i nærleiken av Hestahagen bustadfelt.

Bekkekløfta Skagagjelet:

"Utbygging av Nedre Bergselvi kraftverk er i stor konflikt med biologisk mangfald og naturtypen bekkekløft. Fylkesmannen meiner at bekkekløfta må undersøkjast nærare før ei ev. utbygging kan finne stad, jf. krav til kunnskapsgrunnlag § 8 naturmangfaldlova. Dersom bekkekløfta er så utilgjengeleg at det ikkje lar seg gjere å undersøkje den på skikkeleg måte (med det som trengst av klatring), bør bekkekløfta ut i frå føre-var-prinsippet ikkje inngå i utbyggingsplanane, jf. naturmangfaldlova § 9."

Søkjar sin kommentar:

Då Aurland Naturverkstad gjorde sine undersøkingar sommaren 2006 vart det rekna som uråd å ta seg ned i gjelet og rapporten vart skriven med atterhald om kva som kan vera der av biologisk mangfald og eventuelle raudlisteartar. Søkjar er pr dags dato framleis ikkje sikker på om det er mogleg å ta seg ned i Skagagjelet på ein forsvarleg og god måte. Dette er noko ein evt lyt finna ut til våren når snø og is er borte, dersom NVE meiner det er behov for det.

Samandrag:

"Fylkesmannen rår i frå utbygging av Øvre Bergselvi kraftverk. Med tanke på dei allmenne interessene knytt til Sognefjellsvegen som nasjonal turistveg, og Bergsdalen som innfallsport til nasjonalt og internasjonalt viktig natur og friluftsområde, meiner Fylkesmannen det vil vere svært uheldig å ta vekk den restvassføringa som enno er i Bergselvi"

Søkjar sin kommentar:

Mesteparten av den naturlege vassføringa i Bergselvi er overført til Hydro sitt kraftverk i Fortun og den øvre delen av elva er så godt som tørrlagt utanom snøsmeltingsperioden og flaumperiodar. Sidan dei høgtliggande nedbørsfelta er overført til kraftverket i Fortun er snøsmeltinga stort sett over før turistsesongen tek til. I flaumperiodar vil vassføringa i elva bli lite påverka og synsinntrykket blir om lag uendra. Den øvre delen av Bergselvi framstår i dag som tørrlagt og vi meiner at den har liten betydning for landskapet og at konsekvensane for turismen blir minimal.

2. Fråsegn frå Sogn og Fjordane Turlag:

Kraftlinjer:

"Vi ber om at nedgraving av kraftlina vert vurdert også for det øvre kraftverket"

Søklar sin kommentar:

Vi ser det ikkje naudsynt å grave ned denne lina då den vert svært lite synleg frå riksveg 55.

3. Alternativ utbygging:

Ei alternativ utbygging med eitt kraftverk på den midtre delen av elva er i seg sjølv eit godt kraftverk. Men totalt sett mistar ein 14 GWh kraft og ein går i frå 15 grunneigarar med fallrettar til 7 grunneigarar. Mange vil difor ikkje nyte godt av denne utbygginga og argumentet med styrka næringsgrunnlag fell for mange bort.

4. Avslutning:

Fråsegnene frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Optun's plan- og naturrådgivning og Sogn og Fjordane Turlag er etter vår meining nokså einspora. Det vert nærmast utelukkande peika på dei negative sidene, og dei positive sidene med ei utbygging er ikkje vektlagt i det heile. Det er difor viktig for søklar å få fram desse:

- Fortun er i dag ei bygd med negativ folketalsutvikling, noko den har hatt lenge. Det bur i dag om lag 110 menneske her. Stadig fleire gardsbruk vert lagt ned på grunn av at ingen ynskjer å ta over drifta vidare då jordbruk i seg sjølv er vanskeleg å livnæra seg av, og jobb ved sida av gardsdrift er vorte naudsynt. Ei utbygging av Bergselvi involverer 15 grunneigarar og vil gi mange gardar eit økonomisk løft som vil vera med å auka sjansane for at neste generasjon ser grunn til å bu i bygda og å halda fram jordbruket. Det er i fråsegnene sagt at utbyggingane strider mot dei allmenne interessene og at dei difor må fråråvast. Det er i den samanheng viktig å påpeike at det er i allmenn interesse at Fortun held fram som ei levande bygd med gardar i drift, at ressursar vert nytta og at kulturlandskapet vert skjøtta i størst mogleg grad.*
- Det er viktig å påpeika at det er grunneigarane sjølve som skal stå for 100% eigarskap i kraftverka. Så sant ein klarer å lånefinansiere prosjekta er det ikkje aktuelt å selja seg ut til større kommersielle aktørar som gjerne reiser med 50% av verdiskapinga. Kommunen sine skatteinntekter er og langt høgare (typisk 50%) når grunneigarane eig heile kraftverket sjølv.*
- Ei utbygging i denne storleik vil gi gode inntekter til lokale entreprenørar og andre utstyrsleverandørar.*
- Fornybar energi er, og vil alltid vera, ei viktig vare som verda treng meir av for å bruke mindre ureinande fossile energikjelder. Kraftverka i Bergselvi vil verta eit godt bidrag til dette."*

Per M. Optun har i e-post datert 20.9.2010 kommentert søkers brev av 10.3.2010:

"(...)

Som jeg forstår situasjonen så er det planen å ha inntaket til Øvre Bergselvi småkraftverk lengre oppe i dalføret, nedenfor Turtagrø hotell, der elvene Rya og Heljedøla går sammen med Ringsdøla og danner Bergsfasta. De mest skadelige inngrepene blir forandringen av Farningselvi sitt løp, og fossene (Optunfossen og Bøfossen) foruten den mystiske Kvednolagryta ovenfor Berge. Alternativet med ett kraftverk, har ikke noe særlig mindre miljøeffekt. Reguleringen vil gi store virkninger på det biologiske mangfoldet, da vassdraget er "blodårene" for det rike artslivet her.

Når det gjelder natur- og kulturverdier i dette vassdraget viser jeg til mitt tidligere skriv i anledning denne høringen.

Mine kommentarer til Bergselvi Kraft AS sin motmelding:

Til punkt 1

Overføring av Farningselvi til Ringsdøla er et utrolig tiltak, som vil påvirke landskapsbildet dramatisk, det vil også ha stor innvirkning på biologisk mangfold og eventuelle rødlistearter, som ikke er kartlagt tilstrekkelig.

Positive virkninger i forhold til inngrep som hyttebygging og beitedyr er et forhold som må tas opp med regulanten av Ringsdøla, nemlig Hydro: det er jo ikke rimelig at det skal gjøres ytterligere skadelige reguleringer, for å bote på skader fra tidligere reguleringer. At Farningselvi skal reguleres vekk for å bidra til ytterligere inngrep som hyttebygging er uhørt. Det er Hydro som må sørge for eventuelt mer vann i Ringsdøla. Dette er ikke et reelt problem.

Med bekkekløfta Skagagjelet antar jeg det menes Bergsfastas enorme gjel ned mot Skagen i Fortunsdalen, som i seg selv er en unik naturformasjon, som allerede de første klatrere ble imponert over (Slingsby: Norway the Northern Playground). Slingsby forteller om den gamle mannen på Optun som imponerte han da de gikk den brukte "stien" ned gjennom Skagagjelet.

Jeg kan dokumentere at det er direkte feil å påstå at den øvre del av Bergsfasta er så godt som tørrlagt utenom snøsmeltingsperioden og flomperioder. Beviset på det motsatte er at den har godt med fiskeressurser, og ørreter på halvkiloen er ikke uvanlig (personlig samtale med Sverre Yttri). Jeg har også opplevd at det er et godt innslag av fin ørret der.

Til punkt 2

Det forbauser med at Sogn og Fjordane Turlag ikke ser andre problemer enn nedgravning av linjer, og eventuelt nedgravning av kabler. Har de ikke befart området, og kjenner til forholdene?

Til punkt 3

At dette vassdraget skal brukes til en salderingspost for landbruk, finner jeg direkte usmakelig.

Til punkt 4

All forskning og utredning som har foregått fram til i dag viser at kraftutbygging ikke stopper en negativ befolkningsutvikling på bygdene. Tvert imot så viser den at når krafta går ut fra bygda, der den produseres så bidrar den til vekst der den kommer til, nemlig til urbane strøk. Dette er derfor et ubrukelig argument.

Mitt kjennskap til dette saksområdet fra Aust Agder fylke er at de bøndene som har bygd mindre kraftverk legg ned driften av gården i neste generasjon, flytter til byen og ser til kraftverket nå og da. Den tradisjonelle gårdsdriften interesserer ikke lengre.

Lokale entreprenører vil overleve godt uten disse inngrepene, som bare vil være av kortvarig karakter.

I denne tid hvor forskjellige grupper og media har en hysterisk fokusering på CO₂ utslipp, må vi ikke glemme det viktigste av alt, nemlig det biologiske mangfoldet

Høringen:

Mitt kjennskap til høringen i forbindelse med saken, er at den er for få uttalelser i forhold til sakens viktighet. Denne saken har dimensjoner som gjør at den har allmenne nasjonale interesser i sin helhet.

Jeg savner interessegrupper som:

- *Naturvernforbundet, lokalt og nasjonalt*
- *Jeger og fiskerforbundet, lokalt*
- *Fortidsminneforeningen, lokalt og nasjonalt*
- *Turistnæringen*
- *Velforeninger/Bygdelagsforeninger Lokalt*
- *Mange flere*

Avslutning:

Mange av de forholdene jeg har påpekt i mitt hovedskriv er etter mitt skjønn ikke tilstrekkelig kartlagt, det gjelder både biologiske, botaniske, kulturminner, friluftsimteresser og historiske forhold. Det er utbyggeren som må sørge for disse.

Siste Sjanse har foretatt undersøkelser etter rødlistearter i Drægnismorki, De fant 17 arter! Dette vassdraget ligger i umiddelbar nærhet til Dregnismorki. Hvorfor skal det ikke finnes mange rødlistearter her?

Jeg personlig finner ikke Aurland Naturverksted sine undersøkelser som tilstrekkelige ut fra allmennhetens interesser. Jeg kunne selv iaktta og følge deres feltarbeide fra min feriebolig. Ut fra oppdraget fra utbygger sitt ståsted så har de gjort det som forventes, men igjen alle forhold jeg har beskrevet er bagatellisert.

Alle påstandene og bagatellisering av forholdene er herved tilbakevist.

For ordens skyld dette er ikke godt nok for et beslutningsgrunnlag!"

Tilleggsopplysninger etter NVEs befaring

Kartlegging av Skagagjelet

På bakgrunn av det inntrykk NVE fikk på befaringen 27.9.2010, Fylkesmannens uttalelse og Aurland Naturverkstads vurdering ble det stilt krav om tilleggsundersøkelser i Skagagjelet i brev fra NVE av 30.9.2010. Kartleggingen skulle vektlegge forekomster av rødlistede kryptogamer.

Søker har i e-post datert 14.11.2010 oversendt en vurdering av tilgjengeligheten til Skagagjelet fra en fjellklatrer for å vurdere hvorvidt det er forsvarlig å ta seg ned i bekkekløften for å gjennomføre nærmere kartlegging av moser og lav der.

Norgesguidene AS v/ Jostein Aasen har i brev av 24.10.2010 vurdert forholdene slik:

"Torsdag 21. oktober 2010 gjennomførte eg ei synfaring for å sjå om det var mogeleg å hjelpe ein biolog med adkomst ned i elvegjelet aust for Fortun kraftstasjon. Steinar Mørkrid var med for å vise kva stadar det var mest aktuelt å kome til dette gjelet. Me gjekk frå garden Berge (på vegen frå Fortun mot Turtagrø) og ned mot elvegjelet herifrå. I dette området er det omlag 70 meter frå det punktet som er greitt å nå utan tausikring og ned til elva. Den øverste delen av gjelet er greitt terreng å bevege seg i så lenge ein firar seg ned på tau og klatrar oppatt på tauklemmer. Fjellsida der er om lag 75 grader bratt og mosekledd. Dei nederste 15-20 meterane ned mot elva derimot er vertikale, og i det området me prøvde å kome til så er elva ganske stilleflytane og djup, avbroten av nokre små stryk. Viss ein skal bevege seg i denne delen av elva lyt ein altså symje sidan det ikkje er noko som helst å gå på i elvekanten.

(..)

Litt lenger nedover i elva, mot Fortun kraftstasjon er det litt meir stein ute i elva, men det er lite truleg at det går å hoppe frå stein til stein. Desse steinane som ligg i elvebotnen ser også ut som at det har blitt blankskura av flaum og at det ikkje finst teikn til vegetasjon på dei i det heile.

Konklusjon:

Over alt der det er mogeleg å få festa eit tau går det an å fire folk ned. Men i terreng som her med mykje tjukk og laus mose som kan skjule lause steinar osv. er det krevande og kan vere farleg å heise folk oppigjen same veg. Mi anbefalling vert då at den som skal gjere undersøkingar i dette terrenget har ein viss erfaring med å klatre på faste tau slik at ein ikkje er avhengig av å heise personar oppatt med talje. Dette vil uansett berre føre til at ein får gjort undersøkingar på enkelte punkt sidan det ikkje er mogeleg å gå langs botn av dette elvegjelet.

For å gjere undersøkingar nede i dette gjelet lyt ein då enten ha med ein klatrekyndig biolog eller gjennomføre eit kort halvdags kurs med ein biolog fyrst. Men ein kjem uansett berre ned til enkelte punkt i gjelet ved hjelp av tau. Den einaste måten å følge elvegjelet på er å symje med våtdrakt, og ta korte nedfiringar med tau på enkelte stader. Sist nevnte framgangsmåte er ikkje ein type oppdrag underteikna tek på seg å hjelpe til med."

Alternativ utbygging med ett kraftverk

Videre har NVE bedt søker om å utrede en alternativ utbygging med inntak som vist i midtalternativet og kraftstasjonsplassering som omsøkt i Nedre Bergselvi kraftverk. Dette også på bakgrunn av innspill i høringsrunden og vurderinger NVE gjorde på befaringen.

NVE mottok følgende tilbakemelding fra søker i e-post datert 11.10.2010:

"En slik alternativ utbygging er tidligere vurdert, men kostnaden med turbin og rørgate blir svært høy pga stor fallhøyde og trykk. Lønnsomheten for dette alternativet blir dermed vesentlig dårligere enn for de andre alternativene.

Denne utbyggingen vil også utelukke noen av fallrettseierne.

Tiltakshaver anser derfor denne utbyggingen som uaktuell og ønsker derfor ikke å utrede den videre.

Under synfaringen kom det fram innvendinger mot å legge øvre delen av tilløpsrøret for Øvre Bergselvi langs vegen (turistveg).

Statens Vegvesen opplyser i dag at denne vegstrekningen er ustabil (vegfyllingen ligger på skrått fjell og siger) og at det er aktuelt å utbedre den. Det som er mest aktuelt er å sprengre vegen lengre inn fjellet og rette ut svinger omlag som beskrevet i konsesjonssøknaden.

Vegvesenet uttrykker ønske om samarbeid og vi vil forfølge saka med brev til Vegvesenet og informere NVE om dette senere."

Planendring datert 02.05.2011:

"Me viser til konsesjonssøknad for Øvre- og Nedre Bergselvi kraftverk.

I den vidare sakshandsaminga av konsesjonssøknaden ber me om at det vert teke omsyn til fylgjande planendring for Nedre Bergselvi kraftverk:

Avløpsrøret frå kraftstasjonen vert omlagd slik det framgår av vedlagde kart. Avløpsrøret blir nedgravd langs Fv 332 og får lengde 150 m, røyret vil munne ut i Bergselvi på kote 35 ved sida av det eksisterande avløpet frå Fortun kraftverk.

Endringa medfører ingen endringar for tilløpsrør og kraftstasjon, heller ingen endringar for produksjon og utbyggingskostnad.

For miljø og andre interesser medfører endringa reduserte ulemper for fisk ved at avløpet frå kraftverket vert flytta frå Fortunselva til Bergselvi. Omsynet til fiskeinteressene er årsak til at me ynskjer denne planendringa."

Søker er også bedt om å redegjøre for eiendomsforholdene knyttet til fall- og grunneierrettighetene til prosjektet. Jorun K. Yttri påberoper i brev av 29.10.2010 å inneha fallrettigheter i prosjektet. Søker viser på sin side i e-post av 1. 12.2010 til dom tilbake fra 1936 som etter deres syn tilsier at Yttri ikke har fallrettigheter.

Høringsuttalelser etter NVEs befarings

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har uttalt følgende i e-post datert 15.10.2010:

"Underteikna representerte Naturvernforbundet ved denne synfaringa. Naturvernforbundet har ikkje tidlegare kommentert dei planane som no ligg føre om bygging av to småkraftverk i dette vassdraget, men vil gjerne kome med nokre merknader til planane etter synfaringa som var interessant og nyttig.

Bergselvi renn i eit område som er mykje prega av tidlegare kraftutbygging. Det er difor viktig å ta vare på det som er igjen av meir eller mindre urørte vassdrag i området. Dette

området er også innfallsporten til Jotunheimen og Sognefjellet frå vest og grensar til Jotunheimen Nasjonalpark. Det er difor ikkje ynskjeleg med fleire kraftutbyggingar så nær opp til dette vakre og populære fjellområdet. Turisme og friluftsliv er viktige aktiviteter i dette området, og ein nasjonal turistveg, riksveg 55, startar her og går vidare over Sognefjellet. Ei "død" elv vil då ikkje vere nokon hyggeleg velkomst til alle dei som kjem hit som turistar eller av andre grunnar.

Bergselvi er også ei spanande elv å fylgje frå området ved Turtagrø og ned til utlaupet ved Fortun. Elva renn gjennom eit gamalt kulturlandskap, og her er fleire vakre fossar og djupt nedgravne elvekløfter og gjel med ein særprega vegetasjon. Fleire av hølane i elva er også gode fiskeplassar. Alt dette gjer at elva er vel verd å ta vare på.

Konklusjonen må såleis vere at det ikkje bør gjevast konsesjon til bygging av dei to småkraftverka. Søknaden inneheld også framlegg om at sidelva Farningsgrovi skal førast over til Bergselvi lenger oppe i dalen. Dette alternativet må i alle høve ikkje gjennomførast av estetiske årsaker og landskapet her ved friluftsområdet Turtagrø."

NJFF Sogn og Fjordane har uttalt følgende i e-post datert 21.10.2010:

"Vi viser til synfaring av Bergselvi i Fortun i Luster 27.09 og til konsesjonssøknaden lasta ned over internett. Fråsegna er basert på informasjon og inntrykk frå synfaringa, eigen kunnskap om området og konsesjonssøknaden med vedlegg.

Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane er fylkesleddet til NJFF, den einaste landsdekkande organisasjonen som favnar om interesser for både jakt og fiske. Organisasjonen har som hovudformål å sikre jakt- og fiskeinteressene gjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Sakshandsamar i denne saka, Elisabeth Dahle er FNF medarbeider i Sogn og Fjordane. FNF – Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftsorganisasjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og friluftsinteressene i aktuelle saker. FNF arbeider også for å sikre areal for eit aktivt friluftsliv. Friluftsliv er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og vern om naturen er å sikre livsgrunnlaget for oss sjølve og kommande generasjonar. Friluftsliv er ein del av norsk kulturarv og ei kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse.

Konklusjon - Oppsummering

Øvre og Nedre Bergselvi bør vernast frå vidare utbygging. Elva er naturleg ei stor elv, men vassføringa er allereie redusert med 60 %. Det søkast no konsesjon om utbygging av restvassføringa i elva til to utbyggingar kalla Nedre og Øvre Bergselvi, siste med overføring av Farningsgrovi til Bergselvi. Bergselvi og Farningsfossen ligg svært sentralt langs med den nasjonale turistvegen over Sognefjellet. Området er innfallsporten til eit lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt kjent og viktig friluftsområde. Spesielt innan klatre- og skisporten, men og for allment friluftsliv. Området er attraktivt og mykje nytta til både store arrangement og enkelt friluftsliv.

Elva er frodig og variert med 14 større og mindre fossar og ein bekkekløft i nedre del der det truleg er biologisk mangfold av høg verdi. Området i høgjellet der Farningsgrovi dannast og

det søkast om omlegging av elveløp er ein del av Ringsdalen villreinområde, eit beite og trekkområde.

Farningsfossen vil miste sin attraksjon ved mindre vassføring. Bergselvi har framleis opplevingskvalitetar av høg verdi. Desse avheng og av ei viss vassføring.

Sognefjellsvegen er ei av seks nasjonale turistveggar og det er naturen som er sjølv attraksjonen. Vegen vart utpeikt som nasjonal turistveg pga det ville og spektakulære fjellandskapet. Kåra til ei av dei ti beste sykkelrutene i verda av The Guardian i 2007. Sykkelryttingen Jotunheimen rundt er eitt av fleire større arrangement i området. Omsynet til turistvegen må takast med.

Fortunsdalen og kringliggande område har alt mange kraftutbyggingar, og fleire omsøkte. Sumverknader for biologisk mangfold må tilleggast vekt. Kalkrik berggrunn i bekkekløfter, fiskebestand i elvane og Fortunselvi som gyteplass for sjøaure / laks og vassstemperatur må vurderast i samanheng.

Ei utbygging kan gje auka inntekter til nokon få grunneigarar, men interessene i området er langt fleire frå lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt hald.

Bergselvi er alt nok utbygd med 60 % og bør ikkje byggast ut meir. Lat restvassføringa i Bergselvi få renna fritt, for å oppretthalde biologisk mangfold og for framleis store naturopplevingar for alle, der rennande vatn er eit viktig element!

Spesielle kvaliteter i området Fortun – Turtagrø

Landskap

EDNA registrering 1426-64 Ringsdalen: Område med spesielle naturkvaliteter i Sogn og Fjordane:

Ringsdalen, ein sørleg sidedal til Helgedalen, er ein av dei mange sekkedalføra som går radiært ut frå Hurrunganemassivet. Forekomstar av spylrenner, slukrenner og bresjøsediment viser at avsmeltinga i sentral-Jotunheimen liknar "austlandsmodellen", med vertikal ned- smelting av dynamisk passive ismassar og stor smeltevassdrenering langsmed og under dei siste isrestane i hovuddalføra.

EDNA registrering 1426-62 Fortun: Område med spesielle naturkvaliteter i Sogn og Fjordane av nasjonal verdi: Tett attmed riksvegen 2-300 m NV for garden Berge i munningen av Bergsdalen, som er ein hengande sidedal til Fortunsdalen, ligg det fleire store og velforma jettegryter. (Fylkesatlas S & Fj).

Kulturminne

Torvhus i Turtagrø området. Truleg ber myrane i området spor etter denne aktiviteten. Det skal ha vore 7-8 torvhus i området. Arbeidet med torvtaking for ein støl var berekna til 15-20 dagsverk (Fylkesatlas S og Fj).

Biologisk mangfold

Villreinområde er registrert inkl. trekkruter, og gjeld for heile høgffjellsområde som søknaden rører ved frå kote 750 ved Bergselvi, sørvest om toppen av Hurrbakk mot Farningselvi og vidare sørvestover og nordover (Naturbase DN).

*Heilebakken: Nasjonalt viktig naturtype som ligg langsmed og over riksvegen mot Klypenosi. Røyrgatetraseen til Øvre Bergselvi er tenkt nedgravd i dette området. Naturbeitemark i gjengroing, der lokaliteten er av lokal verdi som naturtype, men en rødlisteart – sopp er funnet på einer (*Aleurodiscus lapponicus*) og gir svært viktig verdi. Beite bør gjenopptakast for å hindre vidare attgroing. (Naturbase DN)*

*I det same området veks ein større bestand av fjellkvann (*Angelica archangelica*) (Sverre Yttri pers. med.). Ein sær s viktig fjellplante med rik kulturhistorie, som vart hardt utnytta tidlegare og slike bestand er difor meir sjeldne. Bestanden bør difor ikkje reduserast nemneverdig. Bekkekloften i nedre del av Bergselvi har truleg det største konfliktpotensialet. Kalkrik berggrunn og ein djup skyggefull bekkekloft, kan tilseie stort potensiale for raudlisteartar. Nærare undersøkingar må gjerast, eller 'føre-var-prinsippet' i Naturmangfaldlova må gjelde. Vassføringa må då heile året sikre desse artane berekraftige levevilkår! Brunaurebestanden i elva er trass i reduksjon etter anna kraftutbygging og topografien i elva, god. Fastbuande fiskar her og tar opp rimeleg bra fangst med fisk rundt 500 gr. Ei av dei betre plassane ligg ved kote 407, kraftstasjon for Øvre Bergselvi og inntaket til Nedre Bergselvi. Ei ytterlegare utbygging av elvi kan true restbestanden av brunaure i Bergselvi. Samstundes kan sumverknadane av kraftutbyggingar i sideelvane til Fortunsdøla auke og true bestand av laks og sjøaure. Gytinga her kan verte vesentleg redusert ved endå større temperaturendringar. Dette må utredast betre!*

Friluftsliv og idrettsarrangement

Reiseliv, klatring og friluftsliv har lang tradisjon i området og er framleis svært viktig. Turtagrø hotell og området kring har nasjonal og internasjonal verdi. Det er inngangsporten til Hurrungane og Jotunheimen nasjonalpark, og er mellom dei viktigaste friluftsområda i landet. Her arrangerast store friluftsliv- og kulturarrangement som Highcamp (verdas største topptursamling) og Fjellfilmfestival (med 700 deltakarar i 2007), der naturen i området er viktig trekkplaster i tillegg til programdelen. Turtagrø er base for lokal aktivitetsbasert turisme (t.d. Norgesguidene) og området er arena for store idrettsarrangement som Tinderittet (med vel 200 deltakarar, pluss støtteapparat og eit godt publikum), Fanaråken Opp og Fanaråken Duatlon (der sykling fra Skjolden opp Bergsdalen til Turtagrø er første etappe, med over 250 deltakarar pluss publikum m.m.). Sykkeltur 'Jotunheimen rundt' og 'Vette Jotunheimen' går bl.a over Sognefjellet og vidare ut langs fjorden. Dei store arrangementa og høysesongen trekker til seg mykje folk og områda rundt Turtagrø vert i stor utstrekning og nytta til teltområde.

Mykje vasskraftutbygging pregar allereie området og mange av elvane her. Ytterlegare utbygging med fleire synlege inngrep; -ved omlegging av Farningsgrovi mot nord, - redusert vassføring i Farningsfossen og Bergselvi, inntaksdam kote 750 m.m. vil vere sterkt uheldig for naturkvalitetane i området og verdiskapinga her som baserer seg på nettopp desse.

Reiseliv og ferdsel

Sognefjellsvegen Riksveg 55 har status som nasjonal turistveg og er rusta opp med servicebygg / toalettanlegg og kunstinstallasjonar. Trafikken er på ca 300 000 bilar i sesongen og er den største turistattraksjonen i Luster kommune. Med utviklinga av cruisehamna i Skjolden må ein vente ein monaleg auke i persontrafikken på vestsida av vegen. Turen opp frå fjorden opp igjennom dalføret, med sidedalar, gjuv, gjel, elvar og fossefall er

ein viktig del av den totale opplevinga. Anten ein sykklar, kjørar bil, buss eller går fottur. Naturen langs med vegen er svært viktig for den totale opplevinga av området Landskapsopplevingane langs den nasjonale turistvegen i Bergsdalen vert merkbar reduserte om restvassføringa reduserast. Fossar, stryk, kulpar og djupe gjel får betydeleg lågare opplevingsverdi utan nemneverdig vassføring!

Naturarv, forvaltning og verdiskaping

Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har gjennom prosjektet «Mellom Fjell-Fjord og Folk» valgt ut seks område som vert med i eit Nasjonalt Naturarvprosjekt. Luster kommune i samarbeid med Breheimsenteret kom med som eitt av dei seks. Prosjektet skal gjennom hovudmåla ha fokus på: Kunnskap, Samarbeid, Verdiskaping og Forvaltning av naturen. Aktivitetsbaserte prosjekt i området som fell inn under desse måla kan styrkast og auke sin verdiskaping.

Kommentarar til søknaden - 3.11 Brukarinteresser

Fiske

Brunaurebestanden i Bergselvi er som nemnt etter forholda gode. Bestanden er redusert etter tidlegare utbygging og vert venteleg meir redusert etter utbygging. Det føregår lokalt fiske og fleire gode fiskeplassar vert vesentleg reduserte eller øydelagde av ein utbygging, spesielt området ved kote 407.

I Fortunsdøla er allereie sjøaure og laks påverka negativt av kraftutbygging. Ytterligare endring av vassføring og spesielt vassstemperaturen kan medverke til at gytinga i elva får særskilde dårlege tilhøve og i verste fall opphøyrer. Slike sumverknader vil vere konfliktfylte for fiskeinteressene. (Pers.med Sverre Yttri)

Ferdsel og friluftsliv

Nasjonal turistveg ligg nær opp til Bergselvi og kryssar denne fleire stader. Fleire spektakulære syn er knytt til elvegjel og fossar med vassføring! Opplevinga av naturkvalitetane og verdiane i Bergsdalen vert vesentleg redusert av enda mindre vassføring. Området der omlegging av Farningsgrovi er omsøkt ligg midt i utsikten frå Turtagrø hotell, tett ved fjellvegen til Årdal. Dette er eit mykje nytta utgangspunkt for turar til toppane austom, til bærplukking og beite for villrein. Området som vert berørt har stor interesse knytt til friluftsliv og ferdsel!

3.13 Samfunnsmessige verknader

Det lokale næringsgrunnlaget vert styrka berre om driftsinntekter frå kraftutbygging vert investert direkte inn mot utvida landbruksdrift / lokal næringsdrift eller vert nytta i tilsvarende. Det er viktig å presisere at grunneigarrettigheter og eventuelle inntekter frå desse ikkje automatisk styrker og aukar det lokale næringsgrunnlaget eller landbruksdrifta. Her trengs meir forskning med kontrollgrupper. Ei løysing her kan vere å legge føringar med prosentvis investeringspålegg t.d. til auka landbruksdrift, skjøtsel o.l.

Omsyn og avvegingar

Overføringa av Farningselvi over myrane mot nord og Ringselvi er eit svært uheldig inngrep. Sumverknader av alle utbyggingar i området mtp biologisk mangfald må vurderast! Innfallsporten til eit av landets viktigaste friluftsområde må forvaltas rett!

Omsyn til nasjonal turistveg Sognefjellsvegen må vektlegges!"

Per M. Optun har oppsummert befaringen slik i e-post av 17.10.2010:

"Jeg har tillatt meg å summere opp konfliktene på hver av de punktene hvor vi foretok befaring. Det følger også en generell konfliktliste. Som søker har beskrevet er det også vedtatt en reguleringsplan for 50 hytter, med utedo, i Storhaug ved Ringsdølas utløp i Bergselvi, noe som vil gi et stort problem ved en minstevannsføring på en allerede sterkt begrenset vannføring. Et annet forhold som undrer meg er at fallrettighetene tidligere er avstått til Årdal og Sunndal Verk, nå Hydro Energi? Jeg kan heller ikke se at Brønnøysundregistrene har registrert det omtalte aksjeselskapet?"

I brev datert 15.10.2010 kommenterer Optun befaringen:

"Vassressurslova § 8 om allmenne interesser. Nedenfor er det summert opp generelle konflikter i forbindelse med reguleringene. Disse generelle anmerkningene gjelder hele vassdraget. Det er ikke foretatt noen rangering av viktigheten for de enkelte kulepunktene.

Videre er det beskrevet hvert enkelt sted som ble sett på under befaringen. Her er det tatt for seg mer spesifikke konflikter knyttet til hvert enkelt sted og nærmeste omgivelser. Summert opp er konfliktene av en slik art at det eneste rimelige er at dette vassdraget må tas med i neste plan for vassdragsvern.

Hovedkonklusjon:

Bergsfasta (Bergselvi) må vernes med tanke på miljø, natur, kultur og historie. Spesielt har dette betydning for de oppvoksende slekter, både nasjonalt og internasjonalt.

Generelle konflikter:

- *Det spesielle og flotte landskapsbildet blir sterkt endret i negativ retning*
- *14 større eller mindre fosser vil bli redusert til en ubetydelighet ved minstevassføring*
- *Biologisk mangfold vil bli betydelig redusert. I følge FN utrykkes det nå 50000 arter årlig*
- *Sterkt negativt i forbindelse med Riksveg 55 som er etablert som Nasjonal Turistveg*
- *Sekundæreffekt er sterk reduksjon av opplevelse for turismen - Naturmangfoldlova*
- *Inngrepene reduserer livsmiljøet for de fastboende, og oppvekstgenerasjonen*
- *Vår fjerne og nære historie blir sterkt berørt — Nasjonalromantikkens "navle"*
- *Elva har betydelige fiskeressurser på hele strekningen i dag. Fisken har god kondisjonsfaktor og vekt opptil 1 kilo. Betydelige sesongfangster kan dokumenteres (referanse Sverre Yttri)*
- *Hjortejakt, og annen jakt, vil bli redusert ved mindre biologisk mangfold*
- *Dalen har betydelige populasjoner av flaggermus. En rødlisteart er kjent, nemlig skjeggflaggermus, henvisning Naturmangfoldloven. (personlig kommunikasjon med Jeroen van der Kooij, Universitetet i Oslo)*
- *Endring av vannkvaliteten for hovedvassdraget Fortunsdøla vil kunne påvirke fisket etter laks og sjørret.*
- *Luster kommune har godkjent reguleringsplan for 50 hyttetomter i verneskog i Storhaug nær Turtagrø. Dette kommer i tillegg til tidligere hyttebebyggelse og*

Turtagrø hotell. Ved eventuell utbygging og minstevannsføring blir dette et problem etter Forurensningsloven.

- *Både den norske og nordiske skieliten bruker Fortunsdalen — Bergsdalen — fjellområdene, for trening (rulleski) i sommerhalvåret.*
- *Ibsens store drama Brand fikk også sin konflikt i Bergsdalen, langs Bergsfasta. Brand ble fulgt til fjells av allmuen opp til den øverste sæter til Iskirken, der han omkommer (Henrik Ibsen: Brand).*

Befaringen:

Første stopp. Bergsfastas utløp på Skagen:

Her så vi på Skagagjelets utløp ved eksisterende kraftstasjon (Hydro) og terskelen i elva før den renner ut i elva i hoveddalføret, nemlig Fortunsdøla. Utbygger, ved Steinar Mørkrid, beskrev inngrepene som er skissert i planen. Kraftverket vil bli lagt i fjell og en egen kanal skal lede vannet videre mot Fortunsdøla.

Det ble diskutert mulighetene for adkomst i Skagagjelet med tanke på eventuell kartlegging av rødlistearter og sårbare arter.

Konflikter:

Grunneier på gnr. 8, brn. 2 på Kleivi, Yttri og Henriksgården, Skagen gnr. 9, brn. 2, Jorunn K Yttri, har ikke blitt varslet. Kan terskelen være bygd uten tillatelse? Uansett vil endring av Bergsfastas utløp føre til en vesentlig endring for av oppgang av fisk, samt fallrettighet og fiskerett.

Bergsdalen er en hengende dal i forhold til hoveddalen Fortunsdalen. Dalen er på noen strekk en Vdal (formet av elva) som er nederodert i en U-dal (formet av bre). Dalen er altså formet av både bre og elv. Men selv om Bergsdalen har en høydeforskjell på ca. 250 meter fra Fortun til Berge, så går altså elva likevel i et dypt elvegjel, (ikke bekkejuv som beskrevet) som på det dypeste er ca. 200 meter, en V-dal i en U-dal! Dette er unik natur (Just Gjessing: Norges landformer 1978 sidene 59, 65 og 69).

Andre stopp ved første gården på Berge:

Deltakerne gikk ned til stupet mot Skagagjelet for å se på muligheter for adkomst. Samtidig ble det orientert om at rorgaten ville gå i tunnel nærmest parallelt med Skagagjelet, og kun mistevassføring i selve gjelet.

Konflikter:

I Skagagjelet, og nærmeste omgivelser, er det flere kjente krevende planter, for eksempel Tindved, Rosenrot, Bergfrue, Dvergmispel, Pors, diverse Bergknapp, Villin, Tyrhjelm, Dalfiol, Gullkløver, Trollhegg, Orkidearter og mange flere, som er sårbare for slike store endringer. Foruten disse er det rimelig å anta at det finnes flere rødlistearter, også av kryptogamer, ettersom det er kort avstand til Drengsmorki/Yttrismorki, hvor det ble funnet hele 23 rødlistearter. Siste Sjanse-notat 2003-10.

På andre siden av elva ligger Rihammar nedenfor gården Søvde (Saue). Her er det gjort betydelige oldfunn, mellom annet graver, med mange gjenstander. Disse befinner seg på Universitetet i Bergen, Historisk Museum. På nedsiden av Rihammar er det en stor heller, med rimelig mulighet for boplasser. Dette berøres også av utbyggingen. Per Fett:

Førhistoriske minne i Sogn, Luster Prestegjeld. Universitetet i Bergen, Historisk Museum 1954.

Ovenfor Berge ligg restene etter en gammel utleggsbro, og restene etter et gammelt kvernhus, begge vil bli berørt av utbyggingen.

På Bergesiden av broen ligger Nilsarabben, her har undertegnede gjort et oldfunn. Dette var en pilesmiss i jern fra ca. år 900. Denne befinner seg også på Universitetet i Bergen, Historisk Museum. Per Fett: Oldsamlingens tilvekst 1954.

Tredje stopp, Bergsbrua ved Kvednoladn:

Her ble det sett på ett unikt kvernhus på stupet av en foss, delvis nedramlet. Tilførselskanalen kan ha gitt navnet på bruket etter Kvernolla. Kvernolla fører forbi bygdas badeplass, et rekreasjonssted for bygda, og opp til Kvednolagryta, som har sagntilknytning. Bruket i Kvednoladn lå under en av Bergsgårdene og ble trolig fraflyttet rundt 1900 ved utvandring til Amerika. Vi forsøkte å komme opp til Kvednolagryta for å få se den flotte naturformasjonen hvor flere jettegryter er erodert ut i forkant, og en foss stuper ut i hølen som er svært flskerik. Elva var for stor til at vi kunne forsere forbi noen bergnabber.

Konflikter:

Utbyggingen vil berøre alle de nevnte kulturminnene, og gå tvers igjennom Kvednolagryta. Konflikten er til stede både med hensyn til Kvernolla, badeplass og kvernhusrester. Rekreasjonsmulighetene både for turister og bygdas fastboende blir sterkt redusert. Et annet forhold er muligheten for boplasser under berghammeren ved de mange tuftene under berghammaren i Kvednoladn.

Fjerde stopp, Bøen på Optun:

Her ble det informert om plasseringen av det øvre kraftverket. Alternativet med ett kraftverk vil berøre dette området i like stor grad. Plassering av kraftstasjonsbygg og tilkomstveier sto på programmet. Likeså inntaksdam til det nedre kraftverket.

Konflikter:

Dette er ett av de partiene opp gjennom dalen som er mest eksponert i forhold til Riksveg 55, som er Nasjonal Turistvei! Det er først og fremst Optunfossen og Bøfossen (med Optunstrollet og Ibsenprofilen) som er attraksjonen.

Begge fossene er svært populære fotoobjekt som turistene er opptatt av. Konflikten med hensyn til Nasjonal Turistveg skjerpes.

Nedstrøms Optunfossen finnes rester etter en gammel utleggsbro, som trolig ble brukt av folket på ødegården Øygarden. Disse kulturminnene vil bli berørt.

Femte stopp, Vetledalden med utsikt til Farningsgrovi og Dokki:

Vi gikk ned på kanten av Vetlegalden og fikk derved se Farningsgrovi på andre siden. Det er snakk om å drenere denne over til et annet vassdrag, nemlig Ringsdøla. Rett nedenfor kunne vi se inntaket til det alternative prosjektet med ett kraftverk, Dokkafossen og Simogjelet kunne vi se oppstrøms for utløpet til Farningsgrovi og dette alternative inntaket.

Konflikter:

Å omregulere Farningsgrovi mot Ringsdøla og kun beholde en minstevassføring er uhørt konfliktfylt. Dette gjelder ikke minst landskapsbildet for hele dalen, og deler av Fortunsdalen. Dalens perle må en kunne si. Et annet forhold vil bli tatt opp under konflikter Syvende stopp.

Dokkafossen og Simogjelet/galden, storartet juv som er uhyggelig i all sin velde, er viktige for den Nasjonale Turistveien. Simogalden er både omtalt i litteraturen (Kristofer Janson: Fraa Dansketch) og i sagn.

I Dokki finnes en betydelig kvannskog som trolig vil forsvinne ved en regulering.

Sjette stopp, utløpet til Ringsdøla i Bergsfasta:

Inntaksdammen til det øverste kraftverket skulle ligge skjult for innsyn fra veien. Nedenfor en berghammer. Imidlertid låg den noe nedenfor der vi stoppet.

Konflikter:

Inntaksdammen vil ligge i elveløpet god synlig fra veien, med allmenningen Hellegardsli på andre siden av elva. Dette er også i umiddelbar nærhet til Turtagrø Hotell som satser sterkt på natur og friluftsliv!

Syvende stopp mellom Hongi, Nonhaugen og Skjemmingaholten:

(Skjemmingaholten er på noen kart kalt Hongi)

